




Statens landbruksforvaltning
Norwegian Agricultural Authority

Årsrapport 2007





Innhold

<i>Administrerende direktør har ordet</i>	<i>4</i>
<i>Dette er Statens landbruksforvaltning</i>	<i>6</i>
<i>Årskavalkade 2007.....</i>	<i>8</i>
<i>Rekneskap 2007.....</i>	<i>10</i>
<i>Marknaden for landbruksvarer i endring.....</i>	<i>12</i>
<i>Ressurs og areal</i>	<i>14</i>
<i>Landbruksproduksjon</i>	<i>21</i>
<i>Omsetning og marknadstiltak.....</i>	<i>26</i>
<i>Handel og industri</i>	<i>32</i>
<i>Administrasjon</i>	<i>38</i>
<i>Kontroll.....</i>	<i>43</i>
<i>Klage- og dispensasjonssaker.....</i>	<i>45</i>



Administrerende direktør har ordet



Adm. direktør Ola Christian Rygh

Konkurransen i norsk landbruk og næringsmiddelindustri er styrkt i forhold til andre land i 2007. Bakgrunnen er at jordbruksavtalen og tollvernet har gitt stabile og føreseielege rammevilkår nasjonalt, samtidig som verdsmarknadsprisane på vesentlege landbruksvarer har stige monaleg. Statens landbruksforvaltning (SLF) har følgd denne utviklinga gjennom åra. Tematikken blir drøfta meir utførleg i artikkelen «Marknaden for landbruksvarer i endring» lenger bak i denne årsrapporten.

Den nasjonale etterspørselen etter landbruksvarer har også auka. I 2007 har det vore underdekning i den norske produksjonen gjennom heile året. Marknadsregulator prognoserte overproduksjon av svin, men i løpet av året blei resultatet eit betydeleg underskot. Etterspørselen etter andre kjøttslag har også auka, og berre fjørfekjøttproduksjonen har kunna halde tritt med veksten i forbruket. Som følgje av dette har vi i lengre tid hatt tollreduksjonar for å dekkje etterspørselen i marknaden. Poteter, frukt og grønt har også hatt reduserte tollsatsar i lange periodar.

Det er framleis vekst i importen av landbruksvarer målt i verdi og volum. I 2007 blei det importert jordbruksvarer for nærare 30 mrd. kroner. Dette inneber ein verdimeisig auke på 5 mrd. frå året før, mens veksten i importvolumet var lågare enn i fjor. Grunnen er at både tilarbeidingsgraden og prisen på importerte varer har auka. Størstedelen av importen kjem framleis frå EU-land (68 prosent av verdien). Når det gjeld import av landbruksvarer frå utviklingsland (GSP) og dei minst utvikla landa (MUL), er det dessverre berre marginale endringar. Mengda landbruksvarer importert frå utviklingsland (GSP) og dei minst utvikla landa (MUL) utgjør no høvesvis 19 og 0,5 prosent av den totale importverdien.

Marknadsutsiktene i skogbruket har også vore prega av høgare råvareprisar og større etterspørsel. Avverkinga i 2007 er rekordhøg og representerer ein auke på 13 prosent frå året før. Samla avverking av rundtømmer til industriell produksjon var 8,35 mill. m³. Tømmer selt frå skogeigarar som ved og flis kjem i tillegg. Gjennomsnittsprisen på alt levert tømmer har i år auka med 17 prosent til 372 kr/m³. Det er prisen på tømmer til bygningsmaterialar som har auka mest. Rammevilkåra for skogbruket blei betra i 2007 både i form av auka tilskot, kraftig betra skogfundsordning med skattefordel, auka tømmerprisar, fokusering på trevirke som råstoff til bioenergi og rolla til skogen i klimarekneskapen. Dette bidreg i sum til meir optimisme i næringa. SLF fekk i 2007 fleire oppgåver på skogområdet og har styrkt ressursbruken som følgje av dette.

2007 har også vore eit gjennombrøtsår for marknadsutviklinga innanfor økologisk landbruk. Omsetninga har auka med nærare 40 prosent, har ACNielsen funne ut. Alle dei fire store kjedene satsar no på sal av økologiske produkt. Hovudutfordringa framover er å auke produksjonen av økologiske landbruksvarer. Veksten i marknaden blir i stor grad dekt av importerte varer. Mange av varene har også over fleire år hatt høg tilarbeidingsgrad og kjem innanfor den delen av importvernet som har middels toll.

Samla sett er det gode marknadsutsikter for landbruket og foredlingsindustrien. Forbruksveksten har på nokre få år endra utfordringane frå ein situasjon med overproduksjon og behov for tiltak for å stimulere prisnivået til ein situasjon der hovudutfordringa innanfor ordinær jordbruksproduksjon, skogbruk og økologisk landbruk er å kunne produsere store nok volum til å dekkje etterspørselen. Dette har skjedd i takt med den generelle økonomiske utviklinga både i Noreg og internasjonalt.

Talet på føretak innanfor landbruket er gått noko ned. Dyrka areal er omtrent like stort som året før, det vil seie i overkant av 10 mill. daa. Produksjonen av svin og fjørfekjøtt har auka, produksjonen av storfekjøtt, sau/lam, korn, poteter og grønsaker er svakt minkande, og produksjonen av mjølk er svakt aukande. Ser ein utviklinga over tid, har det skjedd ei stor produktivitetsetring og effektivisering i norsk landbruk. Talet på landbruksføretak var i august 2007 ca. 48 000, ein reduksjon på 1300 søkjarar frå året før. I 1997 var det i underkant av 70 000 landbruksføretak som søkte om produksjonstilskot.

Klimapolitikken er høgt oppe på dagsordenen. Det vil få følgjer for landbruksforvaltninga då jordbruksverksemda er kjelde til betydelege klimagassutslipp. Kunnskapsbehovet er stort når det gjeld klimapolitikk og landbruk. SLF fekk i 2007 i oppdrag å bidra til det nasjonale utviklingsprogrammet for klimatiltak. Som sekretariat for forskingsstyra har SLF gjort sitt for å få fram kunnskapsstatus og forskingsbehov for klimagassar og bioenergi frå landbruket. Forvaltninga av klimapolitikken innanfor landbruket er eit område som vil krevje meir innsats i åra framover.

Det er stor uvissheit knytt til klimaendringane framover. SLF gav Meteorologisk institutt i samarbeid med Cicero i oppdrag å skrive rapporten «Utvikling av naturulykker som følge av klimaendringar». Det går fram av utgreiinga at det kan ventast ein auke i ekstreme nedbørsverdiar, meir flaum og skred. I 2007 er det registrert fleire tilfelle av avrenning frå vassdrag og dermed behov for ytterlegare tiltak for å redusere næringsstofftapet til vatn. Året har også vore prega av flaumen på Austlandet med tilhøyrande naturskadar og avlingssvikt, dessutan både tørke og nedbørsrekordar i Trøndelag.

Jordvern har også vore eit viktig område i 2007. Det ambisiøse målet for jordvernet og ressursgrunnlaget for landbruksproduksjonen er sett under press. Sentralisering og stor økonomisk aktivitet bidreg til vekst og behov for utbygging i område som har dei beste areala for matproduksjon og gode føresetnader for kostnadseffektivt jordbruk. Samtidig har høgare råvareprisar internasjonalt, klimaendringar og stor interesse for bioenergi demonstrert at det er viktig å sikre evna til å produsere mat til eiga befolkning. SLF har aktivt brukt motsegnretten på eit samla areal på 2200 daa i 2007. Det blir også arbeidd med å betre rapporteringa frå kommunane for å styrkje kunnskapsgrunnlaget om arealbruken.

SLF har eit utstrakt samarbeid med andre tilgrensande verksemdar, til dømes innanfor matindustrien, organisasjonane i landbruket, toll- og skattemyndigheitene, miljøvernmyndigheitene og forskingsinstitusjonar. Det er i mange tilfelle etablert samarbeidsavtalar som grunnlag for det kontinuerlege samarbeidet. I 2007 samarbeidde SLF, Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning om å greie ut «Utvalgte kulturlandskap i jordbruket» i oppdrag frå Miljøverndepartementet og Landbruks- og matdepartementet (LMD). Det er også etablert kontakt med organisasjonane i skogbruket med sikte på godt samarbeid framover.

Innanfor marknadsordninga for mjølk tok politiske myndigheiter i 2007 nødvendige grep for å endre rammevilkåra for konkurranse i meierisektoren. Etter over ti år med høgt konfliktnivå i samband med forvaltning og utvikling av ordninga er det no lagt eit politisk grunnlag for ei vesentleg betring av konkurransesituasjonen for selskapa utanfor samvirket.

Arbeidet med kontroll av grunnlaget for forvaltninga blei styrkt ytterlegare i 2007 gjennom oppfølging av prosjektet «Kontroll av tilskot i landbruket». Oppfølginga skjer i samarbeid med fylkesmannsembeta og er heilskapleg og integrert i anna arbeid med risikostyring og ekstern kontroll.

Kompetanseutvikling og satsing på kunnskap er eit viktig område for SLF. Både for å kunne forvalte ordningane, for å forstå utviklinga framover og for å kunne gi faglege råd og analysar. I tillegg til ordinære kompetansetiltak er det i 2007 gjennomført eit prosjekt med tilhøyrande studiereise om landbruk og landbrukspolitikk i USA. Det er vidare planlagt eit tilsvarande opplegg om Brasil, som dei siste åra er blitt ein viktig aktør i matvaremarknadene.

På informasjons- og kommunikasjonsområdet blir det lagt vekt på openheit og innsyn i tråd med verdiane til verksemda. Området spenner vidt frå rettleiing av brukarar og formidling av fagkompetanse til regional og lokal landbruksforvaltning til mediehandtering, produksjon av nettnyheiter og utøving av meiroffentlegheit. SLF utviklar årleg eit grunnlag for jordbruksoppgjæret. Utgreiinga «Virkemiddelvurderingen til Jordbruksoppgjæret 2007» var eitt av fleire bidrag til LMD. I 2007 blei det viktigaste innhaldet i utgreiinga for første gong offentleggjort før forhandlingane tok til.

Det er fastsett ny Strategisk plan 2007–2012 for SLF. Denne står på neste side. I samfunnsoppdraget blir det slått fast at SLF skal ha ansvaret for direktoratsoppgåver for LMD. Iverksetjing av planen er sett i gang i heile verksemda og er integrert i fagleg utgreiingsarbeid, i administrative styringsdokument og i den daglege forvaltninga.

Ola Christer Rygh



Dette er Statens landbruksforvaltning



Virksomhetsidé:

Statens landbruksforvaltning (SLF) gir faglege råd, set i verk landbrukspolitikken og legg til rette for landbruket og matindustrien.

Hovudmål

SLF skal vere ei brukarretta og effektiv verksemd som innanfor rammene av nasjonal landbruks- og matpolitikk bidreg til å:

- Sikre ressursgrunnlaget i jordbruk og skogbruk
- Sikre verdiskaping og eit konkurransedyktig landbruksbasert næringsliv

Statens landbruksforvaltning skal vere ei velfungerande verksemd med initiativrike, endringsdyktige og serviceinnstilte medarbeidarar som gjennom forvaltning og rådgiving sikrar brukarane effektive tenester.

Strategiar

SLF har valt fem strategiar for å nå hovudmåla for verksemda.

- SLF skal fremje verdiskaping i heile verdikjeda
- SLF skal auke bruken av FoU-basert kunnskap
- SLF skal kommunisere aktivt, samordna og brukarretta
- SLF skal levere dei brukarretta tenestene våre elektronisk
- SLF skal vere ein attraktiv arbeidsplass som gir rom for utvikling

SLF skal utføre direktoratsoppgåver for LMD. SLF er fagmyndigheita som sikrar ei einsarta forvaltning av verkemiddel i heile landet og gjennom heile verdikjeda. Brukarretta og effektiv forvaltning av tilskotsordningar og juridiske verkemiddel og kontroll og dokumentasjon står sentralt. Vi skal også stille saman kunnskapar om landbruk og tilnytte samfunnsområde og bidra til eit heilskapleg vurderingsgrunnlag for landbruks- og matpolitikken. Som ledd i dette skal direktoratsoppgåvene på skogbruksområdet utviklast vidare.

SLF skal framover leggje større vekt på rådgivings- og støttefunksjonane. SLF skal ha oversikt over utviklingstrekk i heile verdikjeda, bidra til erfaringsutveksling med næringa og anna forvaltning, ha god kunnskap om resultatoppnåinga i forhold til gjeldande politiske mål og gi innspel til LMD om utviklinga av verkemiddel. SLF skal gi råd på eige initiativ, og rådgivinga skal ha høgt fagleg nivå for alle resultatområda. Formidling av landbruks- og matpolitikken og formidling av fag- og forvaltningskompetanse til regional og lokal forvaltning skal inngå i dette.



Verdiar

SLF legg til grunn desse verdiane for verksemda si:

Openheit — Samhald — Heiderlegheit

SLF forvaltar betydelege beløp og handhevar lover og forskrifter som omfattar rettar og plikter som betyr mykje for dei dei har verknad for. SLFs verdiar skal mellom anna vere eit uttrykk for at arbeidet som blir gjort, skal halde høg kvalitet som toler merksemd frå omverda. Vedtak blir fatta med bakgrunn i brei kompetanse, og brukarane skal ha tillit til at dei har fått riktig behandling.

Organisasjonskart



Personal og organisasjon	Avlingssvikt og naturskader	Velferd og kompetanse	Planteproduksjon og økologisk landbruk	Ekstern kontroll
Økonomi og budsjett	Miljø og kulturlandskap	Direkte tilskudd	Markedstiltak	Import
Dokumentasjon og informasjon	Arealbruksutvikling	Pristilskudd	Omsetning og markedsordningen for melk	Markeds- og prisutvikling
IKT og drift		Produksjonsregulering		Industriell bearbeiding og råvarepris-kompensasjon

Hovudmål for resultatområda

Resultatområdet administrasjon har oppgaver knytte til organisasjonsutvikling, personalforvaltning og økonomistyring, dessutan informasjon og kommunikasjon, dokumentasjon, IKT og drift. Dette skal bidra til ei velfungerande verksemd som utnyttar ressursane sine på ein effektiv måte, og som gjennom forvaltning og rådgiving sikrar brukarane effektive tenester.

Resultatområdet ressurs og areal skal bidra til å sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon og levande bygder. Arbeidsområda omfattar utvikling og forvaltning av verkemiddel og tiltak knytte til arealbruk, skog, miljø og kulturlandskap og erstatning. Ressurs og areal har vidare det koordinerande ansvaret i SLF overfor fylkesmannsembeta.

Resultatområdet landbruksproduksjon skal bidra til å sikre matproduksjonen og ei stabil matforsyning. Arbeidsoppgåvene er knytte til utvikling og forvaltning av inntekts- og velferdsordningar, dessutan dei produksjonsregulerande verkemidla mjølkekvotar og husdyrkonsesjon. Felles for ordningane er at det er primærproduzenten som er målgruppe. Ansvar for koordinering av innspel til jordbruksoppgjeret høyrer inn under dette.

Resultatområdet omsetning og marknadstiltak skal bidra til å sikre ein stabil marknad og ein velfungerande næringsmiddelindustri. Ansvarsområda innanfor resultatområdet er økologisk landbruk, forskning, planteforedling og oppfostring, beredskap, pelsdyr, dessutan marknadsreguleringsiltak innanfor marknadsordningane for mjølk, kjøtt, egg, grønt, potet og korn. SLF er sekretariat for Omsetningsrådet, Fondsstyret og Avtalestyret. Dei to førstnemnde har eigne årsmeldingar.

Gjennom eit godt fungerande importvern, oppfyljing av internasjonale rettar og forpliktingar, dessutan ein godt fungerande næringsmiddelindustri, blir levedyktige forhold for norsk landbruksproduksjon sikra. Dei viktigaste ansvarsområda til resultatområdet handel og industri er importvern (toll, tollreduksjonar, importkvotar), ordninga med råvarepris-kompensasjon, eksportstøtteordningar, ekstern kontroll, marknadsovervaking og prisinnhenting.



Årskavalkade 2007

Januar



Auksjon av importkvotar

I løpet av året fordelte SLF 58 importkvotar av landbruksvarer, til låg eller ingen toll, på auksjon. Den første auksjonen blei gjennomført den 18. og 19. januar, og omfatta mellom anna eple, pærer og jordbær, dessutan restkvotar frå året før. Under storauksjonen i oktober blei det mellom anna selt importkvotar for vilt, lammekjøtt, skogsfugl og hermetikk. Så mykje som 44 ulike kvotar blei auksjonerte ut. Prisane ein oppnådde, illustrerer på mange måtar den uvanlege situasjonen med auka etterspørsel og underdekning av norsk kjøtt i marknaden.

Februar



Auka etterspørsel og produksjon av økologiske varer

Etterspørselen etter økologiske produkt aukar, men med prosentdelar på mindre enn 3–4 for dei fleste områda er det enno ein veg å gå for å oppnå måla om 15 prosent økologisk forbruk og produksjon innan 2015. For å møte etterspørselen blei ein eigen økologisk mjølkekvote lagt ut for sal i februar. Til saman med salsrunden i desember blei det selt 5,1 mill. nye liter økologisk mjølkekvote i 2007.

Mars



377 millioner miljøkroner utbetalte

Vel 30 000 landbruksføretak fekk tilskot til miljøtiltak i mars, det er ein liten auke frå året før. Regionale miljøprogram er fordelte på ulike tilskotsordningar for å møte lokale utfordringar knytte til forureining og kulturlandskap. Tiltak knytte til attgroing, verdifulle kulturlandskap og avrenning til vassdrag utgjør dei største søknadsgruppene. På landsbasis gjekk ca. 53 prosent av midlane til kulturlandskapstiltak, mens 47 prosent gjekk til forureiningstiltak.

April



Forsterka kontroll med tilskota i landbruket SLF overrekte rapporten for prosjektet «kontroll av tilskot i landbruket» til LMD. Rapporten slår fast at kontrollen med tilskot i landbruket bør styrkjast, og at den kontrollfaglege kompetansen må aukast i heile forvaltninga. I løpet av 2007 har 50 medarbeidarar frå fylkesmennene teke del i kompetanseprogram om kontroll, og einsarta rutinar, retningslinjer og malar har blitt utarbeidde.

Mai



Spesielt verdifulle kulturlandskap blir tekne vare på

Eit representativt utval av spesielt verdifulle jordbrukslandskap frå heile landet skal takast vare på. Områda skal dekkje både kulturhistoriske og biologiske verdiar. Kvart fylke begynner med å vurdere 1–3 område fordelte på ulike landskapstypar. Områda kan omfatte både inn- og utmark, private og offentlege eigedommar og kan vere i drift eller ute av aktiv drift. Verdsarvområde skal vurderast spesielt. Det må vere realistisk å få til langsiktig skjøtsel og vedlikehald av områda.

Juni



Konsekvensane av klimaendringane for naturulykker

Det vil ikkje bli nokon dramatisk auke i talet på naturskadar som følgje av klimaendringane, men vi må førebu oss på at naturskadar med større omfang kan førekomme litt oftare. Endringane går sakte, og det vil framleis vere store variasjonar mellom år og mellom regionar. Det er konklusjonen i rapporten Meteorologisk institutt og Cicero har utarbeidd på oppdrag frå SLF i samband med utgreiing av naturskadeordninga.

Juli



Flaum og tørke gir avlingssvikt og naturskade

Den ekstraordinære tørken i trøndelagsfylka og dei store nedbørmengdene på Austlandet i juli førte til skadar, overfløymingar og tap i planteproduksjonen. Det er særleg i bær- og grønsakproduksjon at skadane er store i Vestfold og Buskerud. I tillegg var det ein ekstraordinært tørr sommar i trøndelagsfylka, med skadar spesielt på korn- og grasavlingar. Overfløymingane på Austlandet har også gitt naturskadar utanfor landbruket.

August



ØkoRock på Øyafestivalen

For femte året på rad blir økologisk mat servert til fleire tusen festivaldeltakarar. ØkoRock er eit samarbeidsprosjekt mellom Oikos – Økologisk landslag – og Øyafestivalen, med økonomisk støtte frå utviklingstil-taka som SLF forvaltar. 2007 kan på mange måtar seiast å vere eit gjennombrøtsår for økologisk produksjon og omsetning. Vi kjøper stadig meir økologisk mat, og med bakgrunn i målsetjinga til regjeringa om at 15 prosent av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk i 2015, blir det no arbeidd med ein eigen handlingsplan for økologisk produksjon og forbruk.

September



Blå-grønt samarbeid

Fiskemat i form av grønne vekstar blir ein realitet etter at ein fabrikk i Rogaland begynte med utvinning av vegetabiliske protein av erter. I førstninga har fabrikkens kapasitet til å behandle 100 000 tonn erter i året, men ei dobling er mogleg dersom behovet skulle vere der. I prosessen med å skilje ut protein får ein erteskal og ertestivelse. Desse produkta har fleire bruksområde og er mellom anna godt eigna som karbohydratkjelde i norsk husdyrfôr. Ertene til fabrikkens vil bli importerte. Men på lengre sikt er det mogleg at norsk produksjon kan dekkje ein del av råvarebehovet.

Oktober



Større forbruk av mjølk opnar for større produksjon

Det blei produsert mindre mjølk enn forventta i 2007, samtidig som forbruket auka. Dette førte til at det blei fritak for overproduksjonsavgift på inntil 8 prosent over kvote ut kvoteåret, det vil seie ut februar 2008. Dette betyr at saman med fritaket på 2 prosent som blei gitt i jordbruksoppgjeret, kunne mjølkebondene levere inntil 10 prosent meir mjølk enn mjølkeknoten. Tiltaka skapte balanse i mjølkemarknaden.

November



Råvareprisane stig

Utover hausten begynte dei aukande kveiteprisane å bli lagde merke til over heile verda. Cheap no more, skreiv The Economist, og meinte at høgare råvareprisar er komne for å bli. I midten av november kom ein prisnedgang, til ein pris som låg 50 prosent over gjennomsnittet dei siste 25 åra. Så steig prisane att. Sidan korn er ein så viktig ingrediens i både menneske- og dyrefôr, får det også effekt for prisane på andre råvarer som kjøtt og mjølk.

Desember



Underskot på alle kjøttslag unnateke fjørfe

For første gong sidan det tollbaserte importvernet blei innført i 1995, var produksjonen av både storfe, gris, sau og lam for liten til å dekkje etterspørselen innanlands. I desember blei tollan sett ned på alle kjøttslag (unnateke fjørfe) for å dekkje etterspørselen. Mens kjøttproduksjonen har vore stabil (eller aukande for svin og fjørfe), har etterspørselen auka betydeleg. Gjennom året utgjorde importen av storfe- og lammekjøtt 10 prosent av den norske produksjonen.

Rekneskap 2007



SLF forvaltar midlar både gjennom statens løyingsrekneskap og gjennom statlege og ikkje-statlege fond. SLF har rekneskapsføraransvaret for desse statlege fonda:

- Jordfondet
- Landbrukets utviklingsfond (LUF)
- Skadefondet for landbruksproduksjon
- Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL)
- Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt
- Utviklingsfondet for skogbruket

Vidare har SLF rekneskapsføraransvaret for desse ikkje-statlege fonda:

- Prisetjningsordninga for mjølk
- Omsetningsrådet
- Kvoteordninga for mjølk

For Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL) og Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt har SLF delt forvaltningsansvar med Fondsstyret, jf. fondsvedtektene. Midlane blir løyvdde av Fondsstyret, mens dei andre oppgåvene knytte til forvaltninga av midlane blir utførte av SLF. SLF har også ansvar for sekretariatsfunksjonen for Omsetningsrådet, styret for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt (Fondsstyret) og Styret for forskingsmidlar over jordbruksavtalen (Avtalestyret).

SLFs utbetalningar knytte til statens løyingsrekneskap i 2007

Statens landbruksforvaltning (SLF)		Rekneskap	Rekneskap
UTGIFTER		2007	2006
900.0129	Nærings- og handelsdepartementet	-	-
1115.70	Tilskot til veterinær beredskap	32 320	2 900
1139.70	Genressursar, miljø- og ressursregistrering	6 080 000	6 025 000
1143.01	Driftsutgifter Statens landbruksforvaltning	171 747 696	160 508 938
1143.50	Dekning av rentekrav EVL-fondet	-	-
1143.70	Tilskot til kornberedskap	156 537	340 556
1143.71	Støtte til småslakteri	-264 627	3 140 398
1143.72	Erstatningar	297 850	275 341
1143.73	Tilskot til erstatningar m.m.	35 754 696	28 712 406
1143.74	Tilskot til prosjekt innanfor planteforedling	14 128 000	12 287 750
1143.75	Tilskot til matkorn	-	-
1148.70	Tilskot til sikringstiltak	9 582 280	32 840 000
1148.71	Naturskadeerstatningar	81 149 686	80 275 555
1149.50	Tilskot til Landbrukets utviklingsfond	-	322 188 000
1149.51	Tilskot til Utviklingsfondet for skogbruket	3 271 000	3 271 000
1149.71	Tilskot til langtransport skogvirke	429 720	73 000
1150.50	Fondsavsetningar	828 978 000	577 720 000
1150.70	Marknadsregulering	190 385 430	208 040 411
1150.73	Pristilskot	1 874 097 337	1 919 952 677
1150.74	Direkte tilskot	6 773 990 873	6 503 566 313
1150.77	Utviklingstiltak	165 901 518	160 467 951
1150.78	Velferdsordningar	1 526 405 425	1 340 608 001
Sum utgifter		11 682 123 741	11 360 296 197
prosentvis endring sidan førre året		2,8 %	

Tabellen på side 10 viser SLFs utgiftsføring gjennom statens løyvingsrekneskap. SLFs utgiftsføring i statsrekneskapen i 2007 er 321,828 mill. kroner (2,8 prosent) høgare enn i 2006. Grunnen til dette finn ein først og fremst i høgare utbetalingar i samband med tilskotsordningane i jordbruksavtalen, tilskot til naturskadeerstatningar.

SLFs inntektsføring gjennom statens løyvingsrekneskap i 2007

Statens landbruksforvaltning (SLF)		Rekneskap	Rekneskap
INNETEKTER		2007	2006
4143.01	Driftsinntekter, SLF	-32 615 448	-33 374 037
4143.18.11	Refusjon sjukepengar	-5 838 133	-3 598 564
4143.18.12	Refusjon arbeidsgivaravgift	-	-926
4150.80	Marknadsordninga for korn	-82 093 922	-138 405 004
4150.70	Tilbakebetalt tilskot reguleringsanlegg	-47 975 000	-
5309.29	Tilfeldige inntekter Finansdepartementet	-3 434 456	-602 287
5511.71	Auksjonsinntekter frå tollkvotar	-111 832 845	-116 026 120
5605.83	Renteinntekter	-1 237 955	-251 057
5700.12	Arbeidsgivaravgift	-10 831 341	-10 391 473
Sum inntekter		-295 859 100	-302 649 468
%vis endring sidan førre året		-2,2 %	

Tabellen over viser SLFs inntektsføring gjennom statens løyvingsrekneskap. SLFs inntektsføring i 2007 er 6,790 mill. kroner lågare (2,2 prosent) enn i 2006. Grunnen til dette finn ein først og fremst i lågare inntekter i samband med auksjon av tollkvotar og marknadsordninga for korn.

Fondsrekneskap 2007

Nemning	Inntekter	Utgifter	Netto finans	Resultat
Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt	103 727 865	119 111 520	3 385 241	-11 998 414
Prisutjamningsordninga for mjølk	697 485 675	703 839 886	4 731 375	-1 622 836
Jordfondet	-	31 477 630	-	-31 477 630
Landbrukets utviklingsfond ¹	801 942 220	918 005 465	46 299 219	-69 764 025
Skadefondet for landbruksproduksjon ¹	27 750 000	51 488 938	1 860	-23 737 078
Etter- og vidareutdanning i landbruket	-	6 849 035	608 212	-6 240 823
Utviklingsfondet for skogbruket ¹	3 271 000	4 368 478	422 865	-674 613
Kvoteordninga for mjølk	5 043 381	66 025 774	165 933	-60 816 460
SUM	1 639 220 141	1 901 166 725	55 614 706	-206 331 879

¹ Inntektene til fonda består i hovudsak av overføringar frå statens løyvingsrekneskap – fondsavsetningar.


Omsetningsrådets rekneskapar er ferdige først våren 2008 og blir lagde fram for rådet primo juni.

For nærare omtale av dei enkelte fondsrekneskapa og tilskotsordningane og SLFs inntekter viser vi til SLFs årsrapport del I, som blei send over til LMD 15.02.08.

Marknaden for landbruksvarer i endring



Dei internasjonale marknadene for jordbruksråvarer har vore prega av rekordhøge prisar i 2007. Prisane på korn og kraftfôrråvarer har stadig nådd nye nivå i 2007, og prisane på sentrale mjølke- råvarer har også nådd nye høgder. Auken i råvareprisen har ført til at prisane på matvarer har stige kraftig i mange land. The Economist's prisindeks for matvarer har aldri vore høgare enn i 2007¹.



Kilde: The Economist


Figuren viser realprisutviklinga for matvarer på verdsbasis heilt frå målingane starta i 1845, og fram til i dag. Prisane heldt eit jamt nivå i over hundre år før dei gjekk i vêret i samband med oljekrisen i 1970-åra. Sidan då har prisane vore jamt fallande i ein 30-årsperiode, før dei igjen steig kraftig dei siste par åra. Frå 2005 har prisveksten vore på heile 75 prosent. Ifølgje IMF's² indeks for matråvarer gjekk den samla prisen på verdsmarknaden opp med 15 prosent i løpet av 2007. Samla sett gjekk forbrukarprisen på matvarer i EU opp med 5,2 prosent i 2007 mot ein vekst i den totale konsumprisindeksen på 3,3 prosent. I Noreg steig konsumprisindeksen for matvarer og alkoholfrie drikkevarer med 2,6 prosent i løpet av 2007, mot 1,5–1,8 prosent som har vore normal prisvekst dei seinare år³.

Fleire grunnar til prisauke på verdsmarknaden

Noko av grunnen til prisauken er mellombelse faktorar som låge avlingar på grunn av tørke og avlingssvikt, mellom anna i Australia, kombinert med låge lagerforråd. Men OECD og FAO⁴ trur at strukturelle endringar, som høgare etterspørsel etter fôrvarer til produksjon av biobrensel og bortfall av overskotsproduksjon som følgje av endringar i landbrukspolitik, til dømes i EU, er faktorar som kan bidra til å halde prisane over historisk prisnivå i dei neste 10 år. Likevel er det befolkningsveksten og den økonomiske utviklinga i fattige land som blir trekt fram som den viktigaste forklaringa på dei endringane vi ser no. Velstandsauke i folkerike land som Kina og India gir store utslag i etterspørselen etter landbruksvarer. Det er også nær samanheng mellom velstandsutvikling og forbruk av energi.

Det er spesielt prisane på korn og meieriprodukt som har stige i 2007. Kjøtt har ikkje hatt den same utviklinga. FAO har snarare registrert ein nedgang i kjøttprisane frå eit høgt nivå i 2006.

Historisk og forventa prisutvikling på oljefrø, kveite og skummamjølkpulver (SMP), 1983–2016 (USD pr. tonn)



Kjelde: FAO-stat. Varene er definerte slik: Oljefrø: Oilseeds Weighted average oilseed price, European port; Kveite: Wheat fob HRW wheat ord.prot. Gulf Ports; SMP: Skim milk powder (pw); N. Europe.

Stabile prisar i Noreg

For dei sentrale norske jordbruksråvarene er det avtalt ein pris til bonden gjennom jordbruksavtalen, kalla målpris. Totalt er det tre kjøttslag, egg, mjølk, fem kornslag, potet og seksten grønsaker/frukter som har ein målpris. Saman med tollvernet bidreg systemet med avtalte målprisar til at prisane på jordbruksråvarer som blir produserte i Noreg, i mindre grad blir påverka av svingingar på verdsmarknaden.

¹ Kjelde: www.economist.com

² Det internasjonale pengfondet (International Monetary Fund)

³ Kjelde: SSB

⁴ OECD-FAO Agricultural Outlook 2007–2016

Noreg har generelt låg eller ingen toll på landbruksvarer som vi ikkje produserer sjølve, mens vi har relativt høge tollsatsar på varer vi produserer (vi skil derfor mellom råvare med og utan tollvern). Delar av næringsmiddelindustrien er avhengige av å importere råvarer for å supplere norsk produksjon. Mange av desse råvarene har låg eller ingen toll, og ein prisauke på desse varene internasjonalt vil derfor gi auka priser inn til Noreg.

For dei varene vi produserer sjølve, vil ikkje prisauke ute nødvendigvis slå inn i den norske marknaden. Målprisen er eit maksimalt prisuttak. Ved underskot i den norske marknaden blir tollan sett ned til eit nivå som gjer at importert vare kjem inn til same pris som tilsvarande norsk vare. Først når verdsmarknadsprisane blir høgare enn dei norske prisane og tollsatsen blir sett til null, vil prisveksten slå inn i den norske marknaden for desse varene. Importvernet vernar norsk produksjon, men saman med målprisane gir det også ein buffer mot prisauke i Noreg som følgje av høgare verdsmarknadsprisar.

Høgare internasjonale råvareprisar betrar konkurransekrafta for norsk landbruk og næringsmiddelindustri i konkurransen med importvarer i den norske marknaden, og kan gi rom for større volum. Ei slik utvikling må ein gå ut frå vil dempe interessa for import og grensehandel, og gi større etterspørsel etter norske landbruksvarer.


Forbruket av kjøtt aukar

I den norske marknaden har etterspørselen etter kjøtt auka kraftig det siste året. Salet av svinekjøtt har auka med 9 prosent samanlikna med 2006. Tilsvarande tal for storfekjøtt er 6 prosent, mens salet av kyllingkjøtt har auka med 13 prosent. For lammekjøtt har salet vore uendra.

Forbruket av kjøtt pr. person er ifølgje tal frå Sosial- og helsedirektoratet på om lag 75 kg. Nordmenn et i dag i gjennomsnitt 18 kg kjøtt meir i året enn vi gjorde i 1989. I Kina, det mest folkerike landet i verda, låg forbruket av kjøtt på om lag 50 kg pr. person i 2007⁵. Det betyr meir enn ei fordobling på dei 20 siste åra. Til samanlikning ligg kjøttforbruket i USA på over 90 kg⁶ pr. person i året.

Den norske kjøttmarknaden har auka med drygt 40 000 tonn frå 2002 til 2007, jf. figuren under.

Utvikling i tilførsle av kjøtt til den norske marknaden i perioden 2002–2007 (tonn)



Kjelde: Leveranseregisteret til SLF, prognosar frå Nortura og SSBs handelsstatistikk.

Totalproduksjonen av kjøtt i Noreg var i 2007 på 285 000 tonn. Norske bønder auka produksjonen sin med 3000 tonn samanlikna med 2006. Veksten var i all hovudsak knytt til fjørfekjøtt, mens produksjonen av storfe og sau/lam gjekk noko ned.

Veksten i den norske kjøttmarknaden var på 20 000 tonn. Eksporten blei redusert til eit minimum, mens importen blei tredobla for å dekkje opp marknadsauken. Med bakgrunn i tala for 2007 og prognosar for 2008 er potensialet for vekst i norsk kjøttproduksjon stort. Marknadsveksten representerer ei potensiell verdiskaping for norske kjøttprodusentar på om lag 0,6 mrd. kroner. Prognosar for 2008 varslar auka norsk produksjon for alle kjøttslaga med unntak av sau/lam, som ein ventar blir uendra.

⁵ Kjelde: The Economist 6. desember 2007.

⁶ Kjelde: United States Department of Agriculture



Ressurs og areal

Resultatområdet ressurs og areal skal bidra til å sikre ressursgrunnlaget for landbruksproduksjon og levande bygder. Arbeidsområda omfattar utvikling og forvaltning av verkemiddel og tiltak knytte til arealbruk, skog, miljø og kulturlandskap, dessutan erstatningsordningar. Ressurs og areal har det koordinerande ansvaret i SLF overfor fylkesmannsembeta.


Jordvern, arealbruk og eigedom

Jordvern og arealplanlegging

Sidan 2006 har SLF hatt motsegnrett (innsigelsesmyndighet) i kommunale arealplansaker. Motsegnretten gjeld i saker der fylkesmannen foreslår bruk av motsegn med grunngiving i vern av jordressursar, men der fylkeslandbruksstyret ikkje følgjer opp innstillinga frå fylkesmannen. I 2007 hadde SLF 15 slike saker til behandling, fordelte på 6 fylke. SLF fremja motsegn i 12 av sakene. Desse motsegnene omfattar samla ca. 2200 daa, av dei er ca. 1900 daa jord som er eigna for kornproduksjon.

Omdisponering av landbruksareal skal rapporterast inn av kommunane via KOSTRA (Kommune-StatRapportering).

Antall daa dyrka og dyrkbart areal omdisponert



¹Mål for omdisponert areal innan 2010

Kommunane rapporterte samla på landbruksområdet via KOSTRA første gong i 2006 for rapporteringsåret 2005. Tala for omdisponert areal i 2005 var usikre med betydeleg underrapportering. For 2006 var svarprosentane frå kommunane høgare, men det er enno mange kommunar som melder frå om null daa omdisponert areal. Samtidig blir det lagt ned klart fleire motsegner på landbruksområdet enn før, noko som truleg også er ein del av forklaringa på at omdisponeringa har gått ned. For å lette arbeidet med innrapportering av areal har SLF derfor teke initiativ til at Institutt for skog og landskap lagar ei kartside der kommunane kan rekne ut arealomfanget for dei sakene dei skal rapportere. SLF er med i ei arbeidsgruppe for landbruk i KOSTRA som arbeider med utvikling av rapporteringa.

Som ledd i arbeidet med å følgje opp dei nasjonale måla om vern av jordressursar har vi eit særleg ansvar for informative og juridiske verkemiddel. SLF driv eit fagnettverk overfor landbruksavdelingane til fylkesmennene, innanfor området areal- og planspørsmål. I juni 2007 arrangerte SLF ei arealnettverkssamling på Lillehammer. Vi har også stilt med foredrag på fleire kommunesamlingar i regi av fylkesmennene.

I mars sette statsråden ned ei arbeidsgruppe som fekk i mandat å vurdere eksisterande verkemiddel og foreslå nye verkemiddel for å styrkje jordvernet. SLF har vore representert i arbeidsgruppa og med sekretær. Arbeidet har vore drive frå mai og ut året. Rapporten ligg føre frå byrjinga av januar 2008.

Nasjonalt jordvern mål seier at vi innan 2010 skal halvere den årlege omdisponeringa av dei mest verdifulle jordressursane.

I Noreg utgjer jordbruksareala ca. 3 prosent av totalt landreal, mens dei i verda forøvrig utgjer ca. 10 prosent av areala. Vi har ca. 2,2 daa jordbruksareal pr. innbyggjar, mot ca. 2,7 daa pr. verdsborgar. I Noreg er berre ca. 1/3 av jordbruksarealet eigna for matkornproduksjon.

Kraftutbygging og landskapsutvikling

SLF kjem med høyringsfråsegner i energisaker som gjeld vasskraft, vindmøller og kraftleidningar. I 2007 har SLF vurdert 36 slike saker, av dei var 16 vindmølleprosjekt. Desse prosjekta byggjer sjeldan ned viktige produksjonsareal, men SLF har i fleire fråsegner peikt på negative følgjer for kulturlandskapet. Slike inngrep vil kunne ha negativ innverknad på nye landbruksrelaterte næringar baserte på mellom anna reiseliv.

Verneplanar etter naturvernlova

SLF har komme med høyringsfråsegn til 15 verne- og forvaltningsplanar etter naturvernlova. SLFs innspel har i hovudsak dreidd seg om å leggje betre til rette for landbruksverksemd som ikkje vil vere i konflikt med formålet med vernet. Ein del saker gjeld frivillig vern av barskog. I desse er det i mange tilfelle opning for ei viss miljøbasert næringsutvikling, noko SLF ser positivt på.

Odelslova, jordlova, konsesjonslova og fjellova

SLF er nasjonal fagmyndigheit for forvaltninga av jordlov, konsesjonslov og odelslov, dessutan enkelte saker etter fjellova. Det er stort behov for informasjon i kommunane og hos fylkesmennene om regelverket og rammene for skjønnsutøvinga. SLF har arrangert ei fagsamling for fylkesmennene i 2007. Vi har også vore med som foredragshaldarar på fleire eksterne samlingar.

SLF er klageinstans i odelsfrigjeringsaker og behandla 4 slike saker i 2007. Eigedommen blei frigjord for odel i 2 av desse. SLF rettleiar og informerer om odelslova, og det har vore ein jamn pågang av førespurnader frå enkeltpersonar, advokatar og forvaltninga gjennom heile året.

I 2007 blei det gjort to undersøkingar knytte til konsesjonslova. Fylkesmennene blei spurde om korleis kommunane følgjer opp saker om mislegald av bu- og driveplikt. Tilbakemeldingar tyder på at praksis varierer stort mellom kommunane, og at mange kommunar finn det vanskeleg og ressurskrevjande å følge opp slike saker. Andre kommunar har gode rutinar for dette. Det blei også undersøkt kor mange meldingar kommunane har fått og behandla etter konsesjonslova § 6 andre ledd (oppfylling av buplikt etter 50-prosentregelen). Regelen blir lite brukt, og berre 25 prosent av kommunane har behandla slike meldingar.

Jordfondet

Sal av jordfondseigedommar er gitt høg prioritet slik at ein raskt kan få frigjort midlar frå jordfondet til å gjennomføre skogvern. Som følgje av vernevedtak hausten 2005 skal alle jordfondsmidlane brukast til å finansiere vern på Statskog SFs grunn. I 2007 er 31,2 mill. kroner betalte ut til slike verneområde. Det står att ca. 32,4 mill. kroner på jordfondet som kan brukast til skogvern, av dei er ca. 11,8 mill. kroner enno bundne i eigedommar. Hordaland og Buskerud er fylka som no har størst beløp bundne i eigedommar med høvesvis 5,2 og 3,0 mill. kroner.

Bruk av kartverktøy og GIS-data

I kartsamarbeidet Norge digitalt er det sett ned ei arbeidsgruppe for å utvikle standardiserte løysingar for tilgang til digitale arealplanar. SLF er med på dette arbeidet. Vi ser store moglegheiter for betre dokumentasjon av jordvern og kulturlandskap i arealplanlegging, dessutan betre arealrapportering ved hjelp av digitale arealplanar. Arealplanane må bli tilgjengelege via Internett og må kunne brukast saman med mellom anna markslagskart.


Utfordringar framover

- Kunnskapen om den faktiske arealutviklinga på landsbasis er for svak.
- Den faktiske arealbruken i Noreg er ikkje i samsvar med den nasjonalt vedtekte arealpolitikken.
- Jordressursar og kulturlandskap er meir berørt og under eit sterkare press enn vedteken nasjonal arealpolitikk tilseier.
- Bupliktregelverket er komplisert og krevjande å praktisere.



Dei overordna måla for miljøprogramsainga er å bidra til auka målretting av miljøarbeidet i jordbruket, betre synleggjering av den samla miljøinnsatsen i jordbruket og å auke forankringa av miljøarbeidet både regionalt og lokalt. Miljøutfordringane er knytte til både reduksjon av forureiningar og sikring av verdiar i kulturlandskapet. Utfordringane kan vere svært forskjellige i dei ulike delane av landet.

Fordeling av regionale miljøprogramtilskot




Miljø i landbruket

Jordbruk og miljø

I 2007 blei det betalt ut regionale miljøprogramtilskot på 383,9 mill. kroner. Av totalt 30 540 søkjarar var 29 644 ordinære jordbruksbedrifter og 896 beitelag. Så mykje som 44,2 prosent gjekk til tiltak for å hindre avrenning til vassdrag. 29,4 prosent gjekk til tiltak mot attgroing og 19,7 prosent til å skjotte verdifulle kulturlandskap. Det var store regionale forskjellar, av tilskot til avrenningstiltak gjekk meir enn 97 prosent til fylke på Austlandet og Trøndelag. Til samanlikning er det Oppland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Nordland som har dei største tilskota til tiltak mot attgroing.

Utbetaling 2007 - Fordeling mellom kulturlandskap og forureining



Hausten 2007 blei evalueringa av regionale miljøprogram sett i gang. Evalueringa vil gi innspel til korleis miljøverkemidla i landbruket bør sjå ut framover. Evalueringa skal vere ferdig til jordbruksopp-gjeret i 2008.

Rapporten «Jordbruk og miljø – resultatkontroll 2007», som SSB utarbeider for SLF, er viktig dokumentasjon i arbeidet med resultatkontroll av miljøinnsatsen i jordbruket. I 2007 er det sett i gang eit arbeid for å få denne dokumentasjonen betre tilpassa nye miljømål og lokale miljøutfordringar.

Utvalde kulturlandskap i jordbruket

Regjeringa har sett som mål at spesielt verdifulle kulturlandskap skal vere dokumenterte og ha fått ei særskild forvaltning innan 2010. På oppdrag frå LMD og Miljøverndepartementet utarbeidde SLF i samarbeid med Riksantikvaren og Direktoratet for naturforvaltning rapporten «Utvalgte kulturlandskap i jordbruket» i 2007.

På grunnlag av rapporten skal det veljast ut 20 kulturlandskapsområde, baserte på fylkesvise prosessar. Områda skal utgjere eit representativt utval frå heile landet, og skal i størst mogleg grad omfatte jordbrukslandskap med både store kulturhistoriske og biologiske verdiar. Det må også vere realistisk å få til langsiktig skjøtsel av områda. SLF skal saman med Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren fremje forslag om område i 2008.

Forureining frå jordbruket

Mange vatn og vassdrag i jordbruksområde har for store næringsstofftilførselar, og særleg er fosforavrenning frå jordbruket ei stor utfordring. LMD har saman med SLF sett i gang eit treårig utviklingsprosjekt i Vestre Vannsjø for å prøve ut nye tiltak og skaffe fram ny kunnskap om moglegheitene for redusert fosforavrenning.

SLF løyver midlar til programmet «Balansert næringsforsyning» ved Bioforsk, som mellom anna vurderer grunnlaget for gjødslingstilrådingar. Dei siste åra har ein særleg lagt vekt på at Bioforsk må vurdere normer for fosforgjødsling i lys av dei utfordringane som finst i dag. Dette har resultert i at Bioforsk i 2007 har redusert norma betydeleg for gjødsling til både eng og korn. Det blir arbeid vidare med vurdering av gjødslingnormene til andre kulturar, som poteter og grønsaker.

Etter oppdrag frå departementet har SLF i 2007 greidd ut forslag til ei tilskotsordning som skal fremje meir miljøvennleg spreiring av husdyrgjødsel. Ordninga har til formål å redusere utslipp av klimagassar og tap av næringsstoff ved spreiring av husdyrgjødsel, og skal setjast i verk som ei pilotordning i tre fylke frå 2008.

Vassrammedirektivet i jordbruket

I 2007 blei forskrift om rammer for vannforvaltning gjort gjeldande, som oppfølging av EUs rammedirektiv for vatn. Landet er delt inn i ni vassregionar, og arbeidet blir koordinert av ei oppnemnd vassregionmyndigheit (fylkesmannen). Arbeidet med forvaltningsplanar for område som er valde ut til første planfase, er begynt.

SLF tek saman med andre direktorat dette gjeld for, del i arbeidet med å leggje til rette for innføring av direktivet i vassregionane. SLF har oppretta eit kontaktnettverk mellom landbruksavdelingane under fylkesmannen og SLF som støtte i dette arbeidet. SLF har gitt Bioforsk i oppdrag å lage ein tiltaksrettleiar som skal bli eit hjelpemiddel i arbeidet med å vurdere tiltak spesielt retta mot jordbruket.

Pilotprosjekt om forsterka tilsyn på beite

SLF har vore med i ei arbeidsgruppe og gjort greie for eit opplegg for forsterka tilsyn med sau på utmarksbeite. Arbeidet hadde utgangspunkt i ei pilotordning for enkelte beitelag i Møre og Romsdal og Nord-Trøndelag der formålet har vore å få betre dokumentasjon av omfang og grunnar til tap av sau på utmarksbeite, og der det blei gitt tilskot til meir tilsyn enn det som er pålagt.

Utfordringar framover

- Jordbruksverksemd er ei kjelde til store klimagassutslipp. Samtidig har vi ufullstendig kunnskap om kor store utslipp dei ulike jordbruksaktivitetane er opphav til, og kva som er effektive tiltak for å redusere utslippa.
- Endra driftsmåtar og klimaendringar gir meir attgroing både av jordbruksareal som ikkje blir halde i hevd, og av utmark.
- Det er sett i verk fleire tiltak for å redusere næringsstofftapet til vatn, men det er likevel ofte vanskeleg å observere verknad i resipienten. Det kan ta lang tid før ein oppnår verknader av tiltak, samtidig som endra klimatiske forhold påverkar situasjonen. Det er også store lokale variasjonar i avrenning og verknader av tiltaka.

Skogbruk

Skogbruket gjekk inn i 2007 med meir optimisme og tru på framtida enn på lenge. Særleg kom dette av større etterspørsel etter treprodukt, både nasjonalt og internasjonalt, som gav høgare tømmerprisar. I tillegg var det i statsbudsjettet for 2007 lagt opp til gode rammevilkår for skogbruket, både i form av auka tilskotsrammer og ei kraftig forbetring av skogfondsordninga. I fleire regionar arbeider næringsorganisasjonar og det offentlege godt saman om strategiar for auka avverking og auka verdiskaping. Merksemda på bioenergi og den rolla skogen har i klimarekneskapan, er også med på å skape tru på framtida.

Skogfondsrekneskapan som SLF forvaltar, gir full oversikt over virkesomsetninga. Skogeigarane har i 2007 levert 8,35 mill. m³ tømmer, det er ein auke på 13 prosent frå året før. Gjennomsnittsprisen på tømmer var på 372 kr/m³ i 2007, mot 318 kr/m³ i 2006. Tømmerprisen har vore stigande gjennom 2007, og det er tømmer til bygningsmaterialar som har auka mest i verdi.

I 2007 er det løyvd 142 mill. kroner frå Landbrukets utviklingsfond til nærings- og miljøtiltak i skogbruket og tilskot til skogbruksplanlegging, ein auke på 8,2 prosent frå året før. Fleire kommunar og fylke har meldt om stor aktivitet på desse områda, og at tilskotsrammene er brukte opp raskare enn før. Vedtaksmyndigheita for tilskot til vegbygging, drift og skogbruksplanlegging er i 2007 flytta frå kommunen til fylkesmannen. Dette har gjort det smidigare å løyve midlar til store prosjekt med lang planleggingshorisont.




Skogeigarar skal avsetje ein del av tømmerinntekta til eit skogfond, som kan takast ut delvis skattefritt og brukast til investeringar på eigen eigedom, til dømes til planting av ny skog etter hogst. I samband med denne avsetninga blir alt tømmer registrert i ein sentral virkesdatabase, med volum og bruttoverdi fordelt på dei ulike tømmer-sortimenta. Dette gir grunnlag for å lage statistikk og utviklingstrendar.



Eit anna sentralt verkemiddel i skogpolitikken som SLF har ansvar for, er skogfond med skattefordel. Når tømmerinntekt blir avsett til skogfond og dinest blir brukt til investeringar i eigen skog, oppnår ein at denne inntekta blir delvis friteken frå skattlegging. Frå 2007 er skattefordelen betra ved at den delen av inntekta som blir skattlagt, er redusert frå 40 prosent til 15 prosent, og ved at fleire investeringar enn før gir skattefordel. SLF har informert om forbetringane på fagsamlingar, ved informasjonstiltak på Internett, via informasjonsbrosjyre og via fagsystemet Web-Skas. Interesse for å nytte skogfond til investeringar i skogen har auka, noko som også gir seg utslag i større aktivitet.

Utvikling i tømmerprisen 2006 - 2007



SLF har i 2007 gjennomført eit internt prosjekt for å vidareutvikle SLFs rolle og oppgåver som nasjonal fagmyndigheit på skog. Dette har mellom anna resultert i at det innanfor Avdeling ressurs og areal vil bli oppretta ein ny seksjon for skog og kulturlandskap, og at bemanninga innanfor skogområdet blir styrkt.

Utfordringar framover

- Å kombinere målsetjingane om auka avverking frå skogen med målet om miljøvennleg skogsdrift og berekraftig forvaltning av skogressursane.
- Utnytting av skogressursane som er bygde opp i kystfylka.

Erstatningsordningane i landbruket

Globale klimaendringar og auka handel og reiseverksemd kan bidra både til fleire og større tilfelle av klimarelaterte skadar i landbruket, og til at nye skadegjerarar og sjukdommar får eit fotfeste i landet. Det er viktig at landbruksmyndigheitene følger godt med på skadebiletet og utviklinga. Godt tilpassa erstatningsordningar i landbruket, som supplement til eksisterande forsikringstilbod, bidreg til skadeavgrensing og risikoreduksjon for føretaka.

Bruken av genmodifiserte organismar (GMO) i landbruket aukar på verdsbasis. Det norske landbruket blir også påverka, mellom anna ved at det blir meir krevjande å få tak i GMO-frie råvarer til kraftfôr frå utlandet. SLF og Mattilsynet har utarbeidd forslag til regelverk for eventuell GMO-produksjon og kompensasjon ved eventuelt tap på grunn av sprenging. I samråd med LMD byggjer SLF og Mattilsynet opp kompetanse for å bli i betre stand til å handtere dette saksområdet.

Erstatning for klimarelaterte skadar

Erstatning for produksjonstap som følgje av klimatiske forhold kan ytast ved avlingssvikt, ved vinterskadar på eng og ved svikt i honningproduksjonen.

Tal på saker og kroner utbetalte for avlingssvikt 2002–2007

Skadeår	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Tal på saker	996	320	99	737	956	1420 ¹
Kroner (mill.)	38,6	17,3	5	25,6	32,9	55 ²

¹ førebelse tal

² prognose

Dei førebelse tala for skadeåret 2007 viser 1420 søknader om erstatning for avlingssvikt. Litt under halvparten av desse kjem frå landbruksføretak i Nord-Trøndelag. Dette fylket opplevde i 2007 den tørraste juni på over 100 år, seinare kom det svært mykje regn. Også i Sør-Trøndelag, Vestfold og Buskerud blei bøndene ramma av avlingssvikten i 2007. Vestfold og Buskerud hadde store flaum- og nedbørsskadar om sommaren.

Som følgje av at mange føretak fekk stor avlingssvikt, blei den øvre beløpsgrensa for utbetaling av erstatning for avlingssvikt for skadeåret 2007 justert opp frå 500 000 kroner til 750 000 kroner pr. vekstgruppe. I tillegg blei det løyvd 5 mill. kroner til Fylkesmannen i Vestfold og i Buskerud for å kompensere føretak med svært store avlingstap i potet- og hagebruksproduksjonen som følgje av flaum og overfløyvingar av areala.

Erstatning etter offentlege pålegg og restriksjonar i plante- og husdyrproduksjon

I 2007 blei det betalt ut 9,4 mill. kroner i erstatning etter pålegg gitt for å motverke smittsame husdyrsjukdommar. Ca. 7 mill. av dette var utbetalingar etter utbrot av skrapesjuka NOR 98 på sau, ca. 2 mill. kroner var utbetalingar etter utbrot av klassisk skrapesjuka. Det er også gitt erstatning etter utbrot av salmonella og IB-virus i fjørfe.

I planteproduksjon er det utbetalt 18 mill. kroner i erstatning etter pålegg om tiltak mot farlege planteskadegjerarar, fordelt på 30 ulike erstatningsutbetalingar. Dette er ein høg sum samanlikna med tidlegare år. Eit typisk trekk er at fleire relativt nye skadegjerarar, til dømes *Phytophthora ramorum*, utgjør ein vesentleg part av saksmengda.

Frå hausten 2007 har SLF i samarbeid med Direktoratet for naturforvaltning samordna behandlinga av søknader om erstatning for tap av sau på beite med søknader om rovvilterstatning.

Utfordringar framover

- Klimaendringane kan føre med seg nye utfordringar for landbruksproduksjonen, som forvaltninga må møte mellom anna ved å forvalte erstatningsordningane i landbruket med optimal beredskap.
- Å utvikle og tilpasse erstatningsordningane i forhold til auka smittepress og nye sjukdommar/skadegjerarar som følgje av klimaendringar, reiseverksemd og handel.
- Tettare internasjonale samband stiller krav til beredskap også for problemstillingar som dukkar opp som følgje av endringar i landbruksproduksjonen utanfor egne landegrensar, som bruk av genmodifiserte vekstar.

Naturskadeordninga

I 2007 er det behandla 759 erstatningssøknader og gitt tilsegn om erstatning for totalt 66,1 mill. kroner. Av dette utgjør erstatning for flaumskadar 48,8 mill. kroner. For skadar som er påførte vegar/bruer, er det tilkjent erstatningar for 31,4 mill. kroner. Det er vidare gitt tilsegn om erstatning for 13,8 mill. kroner til jordbruksareal.



Erstatningsordningane i landbruket er etablerte på område der føretak og enkeltpersonar ikkje kan sikre seg mot tap i plante- og husdyrproduksjonen gjennom allment tilgjengelege forsikringstilbod. Det er to hovudtypar statlege erstatningsordningar:

- Erstatning for klima-relaterte skadar
- Erstatningar etter offentlig pålegg og restriksjonar gitt av Mattilsynet for å motverke planteskadegjerarar og husdyrsjukdommar



Statens landbruksforvaltning er sekretariat for styret og ankenemnda for Statens naturskadefond. Naturskadeordninga omfattar erstatning etter naturskade, tilskot til sikring mot naturskade, med hovudvekt på sikring mot skred, og tilskot til FoU-prosjekt for å auke effekten av sikringstiltak.

Det kom inn 18 søknader om tilskot til sikring, med samla kostnadsoverslag 43,7 mill. kroner. Av desse blei det gitt prioritet for tilsegn om tilskot med i alt 18,3 mill. kroner til 7 søkjarkommunar, med samla kostnadsoverslag for tiltaka på 25,4 mill. kroner. Gjennomsnittleg tilskot blei dermed 71,9 prosent av kostnadsoverslaget. Den 9. mai 2007 tredde forskrifta om tilskot til sikring mot naturskadar i kraft.

Utgreiing av naturskadeordninga

SLF har i 2007 arbeidd vidare med utgreiinga av naturskadeordninga. Formålet er auka målretting og effektivisering av naturskadeordninga. Arbeidet skal overleverast LMD våren 2008.

Det er gjennomført to eksterne utgreiingar som grunnlag for SLFs arbeid med å målrette og effektivisere naturskadeordninga. Meteorologisk institutt har i samarbeid med Cicero levert rapporten «Utvikling av naturulykker som følge av klimaendringar». Det går fram av utgreiinga at vi kan vente ein auke i ekstreme nedbørsverdiar, større omfang av flaum og skred. Likevel er det mykje uvisse knytt til klimaendringar i framtida.

ECON har levert rapporten «Samfunn i endring – hva betyr det for naturskadeordningen?». Rapporten tek for seg observerte og venta endringar i samfunns- og sosialøkonomiske forhold som påverkar sårbarheita for naturulykker. Rapporten gir ikkje eintydig grunnlag for å konkludere med at samfunnsendringane i seg sjølve har gitt eller vil gi auka sårbarheit mot naturskadar. ECON seier at urbanisering truleg er den enkeltfaktoren som aukar sårbarheita mest.

Tolkinga av skiljet gjenoppsetting av skade og sikring mot naturskade m.m.

Tolkinga av naturskadelova § 10 «kan skaden gjenoppsettes» og spørsmålet om tolkinga av skiljet mellom gjenoppsetting og sikring etter naturskadelova har vore behandla i fleire rettsaker dei siste åra.

Høgsteretts kjæremålsutval og lagmannsretten har slått fast at vurderinga av om skaden kan bøtast på, inneber ei avveging mellom kostnaden ved gjenoppsettingstiltaket og den økonomiske nytten tiltaket har for den skadelidne.

Gjenoppsetting betyr i utgangspunktet at det skadde området skal førast tilbake til same tilstand som før skaden, medan sikring omfattar tiltak som har som formål å førebyggje framtidig skade, inklusive nye skadar på eit område som allereie har vore ramma av ein naturskade. I dei tilfella der det er vanskeleg å trekke skiljet mellom gjenoppsetting og sikring, vil også dei samla utgiftene til tiltaka vere eit element i vurderinga. Sjå HR-2007-01405-U, Borgarting lagmannsretts orskurd (kjennelse) av 7. mai 2007 (LB-2005-141641), HR-2006-01957-U), RG 2006 s.1615.

Tolkinga av «eigaromgrepet» i naturskadelova

Statens naturskadefond har som følgje av ei avgjerd av 30.07.2007 frå Borgarting lagmannsrett (LB-2007-38557) endra praksisen sin når det gjeld eigaromgrepet i § 3 i naturskadelova. Det er den som eig det skadde objektet, som har rett til naturskadeerstatning. Statens naturskadefond og Ankenemnda har før lagt til grunn at det er den formelle eigaren av ein eigedom som har rett til erstatning. Lagmannsretten kom til at det avgjerande var det reelle eigarforholdet til det skadde objektet.

Utfordringar framover

- Å ta høgd for dei utfordringane både klimaendringar og samfunnsøkonomiske endringar kan føre med seg for utvikling og omfang av naturulykker, og for erstatningsordninga.
- Auka søknadsmasse og kostnadsomfang på sikringsområdet tilseier at det må gjerast strenge prioriteringar mellom søknader om tilskot til sikringstiltak.

Landbruksproduksjon

Resultatområdet landbruksproduksjon skal bidra til å sikre matproduksjonen og ei stabil matforsyning. Arbeidsoppgåvene er knytte til utvikling og forvaltning av inntekts- og velferdsordningar, dessutan dei produksjonsregulerande verkemidla mjølkekvotar og husdyrkonsesjon. Felles for ordningane er at det er primærprodusenten som er målgruppa. Ansvar for koordinering av innspel til jordbruksoppgjeret ligg til dette området.

Talet på søkjarar om produksjonstilskot har gått jamt ned dei siste åra, men nedgangen på 2,6 prosent frå 2006 til 2007 er noko mindre enn i tidlegare år. I år 2000 var det 64 774 søkjarar, mot 48 110 søkjarar i 2007. Dette svarer til ein nedgang på 25,7 prosent på sju år.

Det dyrka arealet er forholdsvis stabilt, og i 2007 blei det søkt om tilskot for i alt 10 245 184 daa jordbruksareal. Om lag 2/3 av areala blir brukte til eng og beite, og 1/3 til korn, potet, grønsaker, frukt og bær. Gjennomsnittsarealet pr. landbrukseigedom auka med 4 daa til 212 daa det siste året.

Nokre endringar frå 2006 til 2007

Felles for dei fleste produksjonar er at det blir færre produsentar, men at produksjonsomfanget er det same eller aukar. Størst auke er det for slaktekylling, med 18,3 prosent auke i produksjonen.

	Tal på produsentar		Gjennomsnittleg tal på dyr pr. besetning		Auke pr. besetning frå 2006 til 2007
	2006	2007	2006	2007	
Mjølkekyr	14744	13670	17,6	18,5	0,9
Mjølkegeiter	512	494	82,7	82,9	0,2
Vinterföra sau over 1 år	15937	15199	47,6	47,5	-0,1
Slaktegriser	2713	2544	159,2	176,6	17,3
Slaktekylling	354	369	25 214	29 832	4618
Verpehøns	2043	1837	1618,2	1870,6	252,3


Frå 2006 til 2007 har talet på grovfôrdyr gått ned med 1,7 prosent, men talet på dyr på beite har gått opp. Dette heng saman med meir satsing på beiting frå jordbruksoppgjeret i 2006, då eit nytt tilskot til dyr på beite blei innført. Dette tilskotet kommer i tillegg til tilskot til dyr på utmarksbeite. Formålet er å skjotte kulturlandskapet ved beiting. Tilskotet vil og virke positivt for dyrevelferden ved at fleire dyr får vere ute.

Tilskotsforvaltning


I 2007 har det vore arbeidd vidare med utvikling av løysingar som sikrar gode rutinar for søknad, kontroll og utbetaling av tilskot. Dette skal sikre at rett beløp blir utbetalt til rett tid. Dei samla tilskota for dei drygt 48 000 føretaka var i 2007 på 9 mrd. kroner, der produksjonstilskot utgjorde om lag 6,4 mrd., pristilskot 1,3 mrd. og velferd og kompetanse 1,3 mrd. kroner.

Elektronisk søknad

SLF har i 2007 arbeidd med å gjere tenesta for elektroniske søknadar tryggare og betre tilpassa for næringsdrivande ved at føretak som skal søkje om tilskot, frå august 2007 har tilgang til tenesta via Altinn.



Tilskot til landbruksføretak 2007, i milliardar kroner



Produksjonstilskot er eit samleomgrep for ei gruppe av tilskot i jordbruket basert på talet på dekar og dyr. Tilskota skal utbetalast direkte til gardbrukaren. Søknadene blir behandla av kommunen.



Etablering av verktøy for meir målretta arealkontroll

For SLF er det sentralt å få på plass eit godt og oppdatert kartverk som grunnlag for kontroll av areal som er grunnlag for arealtilskot på om lag 3 mrd. årleg. Saman med Norsk institutt for skog og landskap arbeider SLF med å få på plass eit oppdatert digitalt kartverk for alt jordbruksareal. Ved utgangen av 2007 har 73 kommunar digitalt kartverk, og 63 av desse har teke det i bruk for arealkontroll. I 2009 vil alle kommunane ha digitalt kartverk. Frå 2011 vil digitale kartverk bli brukte som grunnlag for betre arealkontroll i alle kommunar.

Tilskot til ull

Norsk ullstandard og systemet for kvalitetskontroll av norsk ull er evaluert. Revidert versjon av Norsk ullstandard og nytt system for kvalitetskontroll tredde i kraft 1. september 2007. Resultata frå kontrollen dannar grunnlag for sanksjonar. Sanksjonane i form av trekk i tilskot skjer overfor ullstasjonane. Vi ventar at bortimot 5 prosent av ulla vil bli kontrollert årleg. Til samanlikning blei i underkant av 1 prosent av all klassifisert ull kontrollert med den tidlegare kontrollmetoden.

Den auka kontrollen vil bli gjennomført innanfor same budsjettamme som før. Grunnen til effektiviseringa er overgang frå ein subjektiv kontroll der all ulla blei kontrollert manuelt, til ein objektiv kvalitetskontroll der ullprøvar blir sende inn til analyse.

Presisering av soneregrensar for distriktstilskot til mjølk og kjøtt

SLF gjennomførte i 2007 eit forprosjekt der tre utvalde kommunar blei bedne om å teikne inn soneregrensar for distriktstilskot mjølk og kjøtt på tilsende manuskart uarbeidde av Norsk institutt for skog og landskap. På bakgrunn av forprosjektet har SLF fått i oppdrag av LMD å presisere soneregrensene for alle kommunar ved å utarbeide digitale kart i løpet av 2008.

Velferdsordningane

I 2007 blei det vedteke fleire endringar i regelverk og satsar som skal stimulere til større bruk av ordningane.

Ved søknad om tilskot til avløyning ved sjukdom osb. er det gitt høve til å utvide onneperioden for planteproducentar ved at fylkesmannen kan gi dispensasjon.

For tidlegpensjon til jordbrukarar blei satsane auka, både dei årlege utbetalingane og beløpet ein kan tene i tillegg til tidlegpensjon utan at pensjonen blir redusert. Inntektskravet for ektefellar blei også endra slik at det er enklare for desse å komme inn under ordninga.

Det blei vedteke å innføre ei ny landbruksvikarordning frå 1. januar 2008. Avløyarlaga tek over ansvaret for landbruksvikarverksemda, og tilskotet pr. årsverk landbruksvikarstilling blir auka betydeleg. Dette er ei viktig reform som vil gjere ordninga meir tilgjengeleg i heile landet.

Tilskot til veterinærreiser

Frå 1. januar 2007 blei forvaltninga av tilskot til reiser ved sjuke- og inseminasjonsbesøk frå veterinærar overført til SLF. Samtidig blei det vedteke ei ny forskrift om tilskot til reiser ved sjuke- og inseminasjonsbesøk frå veterinærar. Fylkesmannen har framleis ansvaret for utbetalingar og forvaltning av ordninga.

Kommunale veterinærtenester

Gjennom endring av lov om veterinærer og annet dyrehelsepersonell har kommunane frå 2008 fått ansvaret for å syte for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell. SLF har forvaltningsansvaret for tilskota og tildelinga til fylkesmennene. Fylkesmennene skal ha ansvar for utbetaling til kvar enkelt kommune.

Avløyingsordningane, tidlegpensjon for jordbrukarar og Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL) er tilskotsordningar for å fremje velferd, rekruttering og kompetanseutvikling i jordbruket.

Det blir ytt tre typar tilskot:

- Vakttilskot: fordelinga byggjer på ein avtale som er gjord mellom KS (tidligere Kommunenes Sentralforbund) og Den norske veterinærforening.
- Administrasjonstilskot: blir likt fordelt mellom alle kommunane.
- Stimuleringstilskot: kan ytast til kommunar med lågt dyretal, store avstandar og dårleg næringsgrunnlag for veterinære tenester.

Kontrollprosjektet

Prosjektet «Kontroll av tilskot i landbruket» blei etablert hausten 2006 og avslutta ved utgangen av 2007. Målet for prosjektet var å bidra til å styrkje arbeidet til forvaltninga med dei økonomiske verkemidla i landbruket som blir forvalta gjennom SLF, fylkesmennene og kommunane. Den aktuelle tilskotsforvaltninga med tilhøyrande kontroll er omfattande og krevjande; arbeidet med å handtere dei om lag 8 mrd. tilskotskronene til bortimot 50 000 føretak blir gjort i eit tett samarbeid mellom fleire forvaltningsnivå.

Det skulle rettast spesiell merksemd på den funksjonen fylkesmannen har som kontrollmyndigheit, og fremjast forslag for å styrkje denne funksjonen. Prosjektet leverte hovudrapporten sin 01.04.07. Oppfølging og implementering av føreslåtte tiltak høyrer inn under LMD, SLF og fylkesmannen. Det er gjennomført kompetansehevande tiltak i kontrollmetodikk for fylkesmennene, og i samråd med fylkesmennene er det utvikla malar og rutinar som skal nyttast for å bidra til ein effektiv, kvalitativ og einsarta kontroll av forvaltning og føretak. Deltakinga frå fylkesmennene og KS har vore avgjerande for prosjektresultatet og den vidare moglegheita for implementering.

Produksjonsregulering

SLF er førsteinstans i saker knytte til kvoteordninga for mjølk. I 2007 fatta SLF ca. 640 enkeltvedtak knytte til kvoteordninga for mjølk (omsetninga av kvotar er halden utanom). Av desse var om lag 75 prosent knytte til samdrifter. Ved utgangen av året er det om lag 1900 samdrifter, ein auke på 150 frå året før.

Kvoteåret for ku- og geitemjølk skil lag

Mens kvoteåret for geitemjølk enno følgjer kalenderåret, er kvoteåret for kumjølk flytta to månader fram og går no frå 01.03.2007 til 29.02.2008. Ved overgang til ny ordning var månadene januar og februar kvotefrie, og mjølkeprodusentane kunne levere så mykje mjølk dei ville, utan å svare overproduksjonsavgift. Grunna for lite kumjølk i marknaden blei det i oktober bestemt at det for kvoteåret 01.03.2007–29.02.2008 blir gitt fritak frå overproduksjonsavgifta på inntil 10 prosent utover gitt kvote for den enkelte produsent. Dette og andre tiltak førte til at det var balanse i marknaden for mjølk.

Omsetning av mjølkekvotar

Det var 649 kumjølkprodusentar og 16 geitemjølkprodusentar som selde mjølkekvoten i 2007.

Det var også i 2007 stor interesse for å kjøpe mjølkekvote til konvensjonell mjølkeproduksjon. Totalt blei det godkjent 7100 kjøp av kumjølkkvotestaten og 133 kjøp av geitemjølkkvotestaten.

Gjennom tre salsrundar sidan hausten 2006 har det vore mogleg å kjøpe mjølkekvote til økologisk produksjon, og det har totalt blitt omsett 6,8 mill. liter økologisk mjølkekvote. I februar 2007 blei det selt 1,7 mill. kvoteliter i ein ekstraordinær salsrunde. I jordbruksoppgjæret 2007/2008 blei det avsett 4 mill. liter økologisk kumjølkkvotestaten som blei lagt ut for sal hausten 2007. 1 mill. liter var prioritert til produsentar i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Det var for første gong ikkje interesse blant kjøparane for heile den avsette mengda; 100 mjølkeprodusentar melde si interesse for 3,3 mill. liter.



Produksjonsregulering inneber iverksetjing og oppfølging av juridiske tiltak for kvantumstilpassing i primærproduksjonen. SLF har ansvar for kvoteordninga for mjølk og husdyrkonsesjonsordningane. SLF er også sekretariat for klagenemnda for kvoteordninga for mjølk.

Pristilskot er i hovudsak basert på volum og gjeld mjølk, kjøtt, grønt og ull. Pristilskot er verkemiddel med primærprodusentane som målgruppe. Utbetaling av midlane skjer i stor grad via omsetningsledd.



Lokalforedling av mjølk

SLF kan gi fritak frå overproduksjonsavgift for produksjon av mjølk til lokal foredling. Formålet med ordninga er å stimulere til auka verdiskaping i mjølkeproduksjonen gjennom å utnytte potensialet i marknaden for mjølk som blir foredla lokalt.

Ved utgangen av 2007 hadde 119 landbrukseigedommar og samdriftsføretak fritak frå overproduksjonsavgifta. Dette er 20 fleire enn ved utgangen av 2006. Ikkje alle som har fått fritak, har begynt med produksjon og omsetjing av lokalt foredla mjølk.

I tillegg til produsentar med fritak frå overproduksjonsavgift finst det lokalforedlarar som produserer mjølk innanfor eksisterande mjølkekvote. Enkelte eigedommar har både mjølkekvote og fritak for overproduksjonsavgift. Etter gjeldande regelverk skal all mjølkeproduksjon som blir foredla og omsett lokalt, rapporterast til SLF innanfor gitte fristar. SLF får inn rapportar om mjølkeproduksjon til lokal foredling frå om lag 80 produsentar.

Husdyrkonsesjon

For å leggje til rette for svine- og fjørfeproduksjon i fleire einingar og for å motverke eit industriprega landbruk blir produksjonsomfanget i desse næringane regulert gjennom konsesjonar. Husdyrkonsesjonslova regulerer talet på slaktegris, slaktekylling og kalkun som kan omsetjast og slaktast i løpet av eit år. I tillegg regulerer lova talet på avlspurker og høner som kan vere innsette til kvar tid. Næringsdrivande må søkje om konsesjon for å produsere meir enn 2100 slaktegriseiningar årleg. Konsesjonen er knytt til ein fysisk eller juridisk person og eit bestemt gards- og bruksnummer. Meir enn 90 prosent av produsentane driv under konsesjonsgrensa.

I 2003 var det totalt 517 husdyrkonsesjonar, og i 2007 er talet på konsesjonar redusert til 218 (sjå tabell for detaljar). Hovudgrunnen til nedgangen var at konsesjonsgrensene blei auka med 50 prosent i 2004.

Utvikling i talet på konsesjonar for svin og fjørfe mars 2003–2007

	Svin	Fjørfe	Svin og fjørfe	Totalt
Pr. mars 2003	284	194	39	517
Pr. oktober 2007	93	114	11	218

Purkeringar er eit driftsopplegg der ein produsent med ei besetning av avlspurker (nav) leiger ut høgdrektige avlspurker til fleire produsentar (satellittar) for smågris eller slaktegrisproduksjon. I 2003 var det seks purkeringar. Talet på purkeringar har auka til 13 i 2007. Sist gong ein purkering blei godkjend, var i 2005.

SLF er klageinstans for saker knytte til regelverk om husdyrkonsesjon. Det har vore ein nedgang av klagesaker frå 14 i 2004 til 8 i 2007. Det er sannsynleg at talet på klager er redusert som følgje av det nye regelverket som kom i 2004.

Kompetanse

I 2007 var SLF sekretariat for styret for Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL) og Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL). Kompetanse er eit viktig område for landbruket framover, og SLF har opplevd stor etterspørsel etter dei midlane til kompetanse som blir avsette over desse tilskotsordningane.

Kompetanseutviklingsprogrammet i landbruket (KIL)

Formålet med KIL er å utvide og utvikle kurstilbodet i landbruket. Det blir ytt støtte til kurs til næringsutøvarar innanfor landbruk og landbruksrealterte verksemdar. Mottakarar av prosjektstøtta er skular, organisasjonar og offentlege organ knytte til landbruket.

I jordbruksoppgjeret 2006 blei det bestemt at KIL-midlane frå 1. januar 2007 skulle overførast KSL Matmerk. KSL Matmerk har som ei overgangsordning gitt SLF og det sitjande KIL-styret ansvaret for å forvalte KIL-midlane også i 2007.

Det kom i alt 49 søknader om eit samla beløp på ca. 22,8 mill. kroner. Det blei løyvd 6,18 mill. kroner i prosjektstøtte frå KIL. Denne støtta blei fordelt på 23 prosjekt.

Etter- og vidareutdanningsfondet i landbruket (EVL)

Styret for EVL har i 2007 fordelt ca. 6,7 mill. kroner til dei fylkesvise etterutdanningsutvala (EB-utval). Midlane går til kursarrangørar som gjennomfører etter- og vidareutdanningskurs for bønder slik at kurskostnaden kan skrivast ned med om lag 1000 kr pr. deltakar. Ved årsskiftet hadde fondet ein eigenkapital på ca. 9 mill. kroner. Midlane som står att, vil halde i drygt eitt år med den aktiviteten vi har i dag.

Utfordringar framover

- Regelverket som for dei økonomiske og juridiske verkemidla rettar seg mot bonden, er omfattande og til dels komplekst, både for næringsdrivande og forvaltning. Det er ei utfordring å få til endringar som inneber ein enklare situasjon for bonden og moglegheit for ei meir effektiv forvaltning i SLF, hos fylkesmennene og i kommunane.
- Kontroll er ein viktig del av tilskotsforvaltninga. Prosjektet «Kontroll av tilskot i landbruket» gav i 2007 fleire tilrådingar for korleis kontrollarbeidet kan styrkjast i SLF, hos fylkesmannen og i kommunane. Tilrådingane ligg til grunn for SLFs vidareutvikling av kontrollfunksjonen internt og hos fylkesmannen. Ein effektiv, kvalitativ og einsarta kontroll er viktig både for tilskotsmottakaren, samfunnet og forvaltninga.
- Den kompetansen bøndene sit med, er ein nøkkelfaktor for å kunne drive verksemdene på ein god måte. Kompetansekrava er store og aukande. Moglegheitene for tilgang på kompetanse må kunne sjåast på som eit rammevilkår for landbruket. Det er også ei utfordring for SLF å bidra på ein god måte til at landbruket får god tilgang til nødvendige kompetansetilbod.
- Det er ei utvikling der føretaka i stadig større grad ønskjer å etablere nye organisasjons- og samarbeidsformer. Driftsfellesskapsproblematikk er ei særleg utfordring i handhevinga av både tilskotsregelverket og regelverket for husdyrkonsesjon.
- Underdekninga på norsk sau og storfekjøtt er ei utfordring som gjer at ein må arbeide vidare for å sjå på korleis verkemidla kan utviklast meir for å gi stimuli til den produksjonen ein ønskjer.



Omsetning og marknadstiltak



Resultatområdet Omsetning og marknadstiltak skal bidra til å sikre ein stabil marknad og ein velfungerande næringsmiddelindustri. Arbeids- og ansvarsområda innanfor resultatområdet er økologisk landbruk, forskning, planteforedling og oppformering, beredskap og pelsdyr, dessutan marknadsreguleringstiltak innanfor marknadsordningane for mjølk, kjøtt, egg, grønt, potet og korn. SLF er sekretariat for Omsetningsrådet, Fondsstyret og Avtalestyret i tillegg til at vi har ei rådgivande og initierande rolle på området økologisk landbruk.

Omsetningsrådets ansvarsområde

Marknadsreguleringa har som formål å sikre alle produsentar av jordbruksvarer avsetning for varene til stabile prisar, og til prisar som er fastsette i jordbruksavtalen. Ordninga skal sikre forsyningar i alle delar av landet til nokolunde like prisar, og skal først og fremst ta hand om dei temporære og meir tilfeldige svingingane i marknaden på ein slik måte at ein unngår store prisfall på kort sikt. Det er ein viktig føresetnad at ordninga skal verke konkurransenøytral mellom industriaktørane.

Omsetningsrådet er sett til å forvalte verkemidla i marknadsreguleringsordninga gjennom marknadsregulatorane. Verksemda til Omsetningsrådet er heimla i omsetningslova. Omsetningsrådet er sett saman av representantar for styresmaktene, forbrukarane, bondeorganisasjonane, samverkeorganisasjonane, næringsmiddelindustrien og handelen. Lova seier også at Omsetningsrådet skal ha eit arbeidsutval og eit tilsynsutval. Arbeidsutvalet har delegererte fullmakter og fremjar forslag til Omsetningsrådet, mens tilsynsutvalet fører kontroll med Omsetningsrådets verksemd og rekneskap og dei organisasjonane som får støtte finansiert av omsetningsavgiftene. SLF er sekretariat for Omsetningsrådet.

Omsetningsrådet hadde i 2007 til saman fem møte, og arbeidsutvalet hadde fjorten møte. Tilsynsutvalet hadde i 2007 åtte møte inkludert møte med marknadsregulatorane.

Viktige saker som blei behandla i Omsetningsrådet i 2007

Ved inngangen av året var marknadssituasjonen for kjøtt prega av ein prognosert overproduksjon av svinekjøtt i 2007. Ulike tiltak for å redusere overproduksjonen blei vurderte, mellom anna innføring av ei vektdifferensiert omsetningsavgift på svin med høgare omsetningsavgift på tunge slakt. Omsetningsrådet valde likevel å føre vidare ein justert variant av tiltaket kompensasjon for reduserte slaktevekter, som blei nytta i 2006. Tiltaket var aktivt i perioden 01.01.–31.03.2007, og berekna effekt av ordninga i 2007 er estimert til ein redusert produksjon tilsvarande om lag 1300 tonn kjøtt.

Prognosane som viste overproduksjon av svinekjøtt, slo feil. I november 2006 viste prognosane eit stort overskot for 2007. Allereie i januar viste nye prognosar at tidlegare overslag var feil. Utover i 2007 ble reguleringslagra for alle kjøttslag tømde, og ved utgangen av året var marknadssituasjonen prega av underdekning på alle kjøttslag. Totalt blei det produsert 225 300 tonn svin-, storfe- og lammekjøtt i 2007. Dette utgjør 99 prosent av produksjonen året før, mens etterspørselen steig med 7 prosent til 249 000 tonn. Med 13 prosent auke i produksjonen av fjørfekjøtt til 59 900 tonn har det aldri vore produsert så mykje kjøtt totalt sett i landet. Med mål om å betre reguleringspraksisen gjekk marknadsregulatoren gjennom reguleringspraksisen i totalmarknaden for kjøtt hausten 2007. På bakgrunn av dette er det mellom anna gjort endringar i prognosearbeidet som blir brukt i marknadsreguleringa.

Marknadsreguleringa er saman med importvernet, prisar og tilskot viktige instrument i marknadspolitikken i landbrukssektoren.

Frå og med 01.01.2007 blei avsetningstiltak for fjørfekjøtt teke ut av systemet for marknadsregulering, mens faglege tiltak og opplysningsverksemd blei førte vidare. I samband med avviking av Norturas rolle som marknadsregulator for fjørfekjøtt vedtok Omsetningsrådet tilbakebetalingskrav mot dei tidlegare reguleringsanlegga på Elverum og i Rakkestad. På kjøtt-sida vedtok Omsetningsrådet tilbakebetalingskrav mot Norturas reguleringsanlegg i Granvin og Skien, som er avvikla.

Omsetningsrådet vedtok for andre år på råd ei tilleggsløyving til Fagsenteret for fjørfe i samband med beredskapsarbeid i tilfelle utbrot av fugleinfluensa.

Etter pålegg frå Omsetningsrådet har opplysningskontora i landbruket i fleire år arbeidd med å utvikle eit felles resultatmålingssystem. Opplysningskontora presenterte våren 2007 kvar sin rapport med første versjon av resultatmål for sitt kontor. Resultatrapporteringa blei lagd fram saman med rekneskapsrapporteringa for 2006.

Hausten 2007 blei Opplysningskontoret for brød og korn etablert på nytt.

For nærare omtale av marknadsreguleringstiltaka og marknadssituasjonen i 2007 viser vi til eiga årsmelding frå Omsetningsrådet som kjem juni 2008.

Prisutjamningsordninga for mjølk

Formålet med prisutjamningsordninga for mjølk (PU-ordninga) er å regulere prisdifferensieringa av mjølk som råvare til ulike bruksområde. Samtidig er det eit mål å gjere det mogleg for mjølkeprodusentar å realisere målprisane på mjølk i jordbruksavtalen uavhengig av bruken av mjølka og lokaliseringa av produksjonen. Eit viktig omsyn er dessutan å sikre like konkurransevilkår for aktørane som er med i ordninga.

Aktørane i prisutjamningsordninga for mjølk er meieriselskap, det vil seie selskap som kjøper ubehandla mjølk til vidareforedling eller til produksjon av mjølkeprodukt. I 2007 var desse aktørane med i prisutjamningsordninga: Tine, Synnøve Finden, Normilk, Q-meieriene, Rørosmeieriet, Kraft Foods, Lillehammer Ysteri og Ryfylkemeieriet.

Tilskot og avgifter i prisutjamningsordninga for 2007

SLF fastset avgifter og tilskot (satsar) for dei ulike bruksområda til mjølka. Prisutjamningsordninga er ei sjølvfinansierande ordning, noko som inneber at summen avgifter som blir kravd inn, skal balanserast opp mot summen tilskot som blir betalt ut. Satsane blir fastsette mellom anna i forhold til kor mykje mjølk, fløyte og myse som ein ventar blir produsert og brukt til dei ulike produksjonane, marknadssituasjonen, dessutan tollvernet for dei aktuelle produkta.

Med verknad frå 01.07.2007 blei tilskota auka for modna ost i daglegvare, geitemjølksprodukt i daglegvare og i industri, fløyte til smør daglegvare, flytande produkt industri og merkevare-eksport av ost. Tilskotet til fløyte til smør i industri blei redusert. For ost i industri, tørrmjølk og myse til mysost var det ingen endringar. Avgiftene til flytande mjølkeprodukt og kremfløte til dagligvare merkna auka. Det vart også auke i avgifta til ferske ostar.

Tine BA, Kraft Foods og Q-meieriene var i 2007 netto avgiftsytarar til ordninga, mens Normilk, Synnøve Finden, Lillehammer Ysteri, Ryfylkemeieriet og Rørosmeieriet var netto tilskotmot-takarar. Avgifts- og tilskotsbeløpa omfattar hovudmjølkebruk (drikkemjøl, ost og tørrmjølk), biproduktbruk (som fløte og myse), fraktordningar (innfrakt og distribusjon) og spesialordningar som i dag gjeld Q-meieriene.



Meieriselskapa får tilskot og blir pålagde avgift avhengig av kva mjølka blir brukt til. Til saman skal prisdifferensieringa i PU bidra til å auke den samla verdien av råvara.





Avgifter i PU for 2007

Aktør	Netto innbetalt avgiftsbeløp i kr:
Tine BA	123 603 727
Kraft Foods	1 934 755
Q-meieriene	6 185 786
SUM	131 724 268

Tilskot i PU for 2007

Aktør	Netto tilskotsbeløp i kr:
Lillehammer Ysteri	481 176
Normilk	93 793 633
Ryfylkemeieriet	149 349
Synnøve Finden	43 529 765
Rørosmeieriet	56 210
Sum	138 010 133

Førebelse tal

Den totale omsetninga i prisutjamningsordninga for mjølk i 2007 var på ca. 1,7 mrd. kroner. I dei siste åra før 2007 har den totale omsetninga lege rundt 1,6 mrd. kroner. Grunnen til auken av total omsetning er auka tilskot eller redusert avgift til uavhengige meieriselskap, samt auke i mjølkemengda. Sidan prisutjamningsordninga er eit nullsumspel, må dette dekkjast inn i dei øvrige satsane.

Grunnen til differansen mellom sum tilskot og sum avgifter er i hovudsak større netto tilskotsutbetaling enn avgiftsinnbetaling. Dette reduserer fondskapitalen noko. I tillegg skal differansen mellom tilskot og avgifter dekkje SLFs kostnader til administrasjon av PU-ordninga, som i 2007 var på til saman 11,5 mill. kroner.

Vilkåra for konkurranse i meierisektoren

Stortinget vedtok i juni 2007 å endre rammevilkåra for konkurranse i meierisektoren med verknaad frå 01.07.2007. Endringane inneber at uavhengige meieriselskap, på område der Tine BA er dominerande aktør, permanent får 25 øre/liter i redusert avgift eller høgare tilskot innanfor prisutjamningsordninga for mjølk. Dette vil gi ei vesentleg forbetring av konkurransesituasjonen for dei uavhengige selskapa. I tillegg får Synnøve Finden ASA og Q-meieriene AS ytterlegare 12 øre/liter i redusert avgift eller høgare tilskot avgrensa til ein periode på 4 år. Vidare blir det gjort endringar og forbetringar i det særlege distribusjonstilskotet for Q-meieriene AS som omfattar frakt av konsummjølk.

Ovanemnde endringar vil med gjeldande volumprognosar innebere auka årlege kostnader i prisutjamningsordninga for mjølk på rundt 85 mill. kroner for dei neste 4 avtaleåra, og 60 til 65 mill. kroner årleg på varig basis. Endringane er tekne omsyn til i dei vedtekte satsane for avgifter og tilskot i prisutjamningsordninga frå 01.07.2007.

Kontrollen med at Tine Råvare sel mjølk til ein og same pris, til eiga foredling og til andre aktørar, vil bli ført vidare. Ut over dette er det vedteke ei monaleg forenkling av marknadsordninga for mjølk, ved at etterkontroll og etterrekning av Tine BA blei avvikla frå og med 01.07.2007.

Fraktutjamningsordningane for mjølk

Dei generelle fraktutjamningsordningane innanfor prisutjamningsordninga for mjølk har vore greidde ut av ei partssamansett arbeidsgruppe under leiing av SLF. Arbeidsgruppa la fram rapporten sin den 3. mai 2007. Stortinget vedtok (St.prp. nr. 77 (2006–2007)) endringar i fraktutjamningsordningane som inneber at støtta til innfrakt av mjølk blir lagd om slik at

gjeldande mottaksstruktur og kostnadsnivå blir lagde til grunn, og slik at støtta til distribusjon av konsummjølk blir avvikla samtidig som det blir innført eit særskilt tilskot for distribusjon av flytande mjølkeprodukt i Nord-Noreg. Tilskot til distribusjon av konsummjølk til skular og barnehagar blir i tillegg ført vidare. Endringane blir innførte med verknad frå 01.02.2008. SLF har med bakgrunn i dette vedteke nye satsar for avgifter og tilskot i prisutjamningsordninga for mjølk gjeldande frå og med 01.02.2008.

Etterkontroll og etterrekning av Tine BA

Etterrekning er ein del av prisutjamningsordninga for mjølk som gjeld fram til 01.07.2007. Ho skal sikre at den prisen meieria betaler for mjølk som råvare ved kjøp frå Tine Råvare (Tine BA), gir ei rimleg moglegheit for avkastning på kapitalen i selskapet. Etterrekninga baserer seg på kontroll av Tines prissetjing ved sal av ferdigprodukt. Dersom Tine har teke for låg pris for mjølkeprodukta sine i forhold til føresetnadene, kan det føre til etterrekning og etterbetaling til dei andre aktørane i prisgruppa som konkurrerer med Tine BA.

Gjennom etterrekning er Tines konkurrentar sikra ei minste kapitalavkastning på produksjonen sin på det vilkåret at dei er like effektive eller meir effektive enn Tine. Etterrekninga skjer halvårleg. I 2007 har SLF etterrekna første halvår 2006. Saka er behandla og sendt til LMD i 2007.

Utfordringar framover

- Marknadssituasjonen er for tida gunstig for alle produksjonar som er omfatta av marknadsregulering. I denne situasjonen er det svært viktig for oppslutninga om ordninga frå primærprodusentane at kostnadene til marknadsregulering blir haldne nede i 2008.

Økologisk landbruk

SLF skal leggje til rette for utvikling av økologisk landbruk og omsetning av økologiske landbruksprodukt, mellom anna gjennom forvaltning av midlar som er løyve over jordbruksavtalen.

Samla avsetning over jordbruksavtalen for 2007 til økologisk jordbruk er 150,2 mill. kroner. Direktetilskot omfattar omleggings-, areal- og husdyrtilskot. Utviklingstiltaka er nasjonale pilotprosjekt, marknadsstrategiar, heilkjedeavtalar, rettleiings-tiltak og oppfølging av regionale handlingsplanar. Vidare blei det i jordbruksavtalen sett av midlar til eit satsingsprogram for økologisk sau/lam og prisnedskrivning for økologisk korn, og omtrent same beløp til forskning innanfor økologisk landbruk. I tillegg blei 10 prosent av kvotar for mjølk som staten kjøper, prioritert for sal til økologiske bruk.

Utviklingstiltak


Ved jordbruksoppgeret for 2007 blei det mellom anna vist til at utviklinga tyder på at vektlegginga av innsats retta mot marknaden og eit organisert samarbeid med aktørane i bransjen no gir resultat. Samtidig er det heilt sentralt at det ikkje er nok norsk økologisk produksjon til å dekkje den aukande etterspørselen etter økologiske produkt. Dette understrekar verdien av ein balansert innsats retta mot alle ledd i verdikjeda frå primærproduksjon til butikk. Vidare må ein i ein utviklingsfase akseptere at det i periodar kan oppstå overproduksjon.

Utviklingstiltak for økologisk landbruk er delt inn i desse tilskotsordningane:

- Rettleiingstiltak for primærprodusentar (9 prosjekt fekk tildeling for 2007)
- Nasjonale pilotprosjekt (4 prosjekt fekk tildeling for 2007)
- Heilkjedeavtalar (16 prosjekt fekk tildeling for 2007)
- Marknadsstrategiar (29 prosjekt fekk tildeling for 2007)
- Tilskot til landbruksavdelinga til fylkesmannen for oppfølging av tiltak i dei regionale handlingsplanane for økologisk landbruk (7,0 mill. kroner blei fordelte til fylka)



Midlar til økologisk jordbruk over jordbruksavtalen 2007



■	Direktetilskot (94,7 mill.kr)
■	Utviklingstiltak (40,0 mill.kr)
■	Forskning (8,0 mill.kr)
■	Spesielle tiltak (7,5 mill.kr)



Fra kampanjen Naturlig bortskjemt mat

2007 kan på mange måtar seiast å vere eit gjennombrøtsår for marknadsutvikling. Omsetninga har auka med nærare 40 prosent, har ACNielsen funne ut, og alle dei fire store kjedene har ei målretta satsing. Situasjonen ved utgangen av året er at den norske produksjonen ikkje er stor nok til å dekkje etterspørselen i marknaden, og det er forholdsvis mykje av vareimporten som det er grunnlag for å produsere her i landet. At det for enkelte produktgrupper, til dømes kjøtt, er ein forholdsvis stor del av det som blir produsert som økologisk, som ikkje når fram til forbrukarane som økologisk vare, kjem i større grad av logistikkmessige og produksjonstekniske utfordringar enn at det er låg etterspørsel. I 2007 har det komme fleire innspel frå storhushaldningssektoren med ønske om større satsing på økologiske varer. Signala frå storhushaldningssektoren er at ein låg produkttilgang reduserer moglegheitene for menyar baserte på økologisk mat.

Den positive marknadsutviklinga kan ha si årsak i fleire forhold. I 2006 og 2007 har prosjektmidlar til utviklingstiltak i hovudsak vore prioriterte til marknadsutvikling. I tilbakemeldingar til SLF kjem det fram at ordninga med heilkjedeavtalar har vore viktig, spesielt i startfasen for produksjon og omsetning av nye produkt. Heilkjedeavtalar inneber forpliktande avtalar om produksjon og omsetning av økologiske varer. Fleire marknadsaktørar har vore med i større prosjekt som har vore finansierte med midlar til utviklingstiltak. På marknadssida har samarbeidsprosjektet mellom kjedene om generisk marknadsføring truleg medverka til den positive utviklinga.

I 2006 initierte SLF eit samarbeidsprosjekt mellom Helios, COOP Noreg, NorgesGruppen, ICA Noreg og Rema 1000 om profilering av økologiske produkt – «Naturlig bortskjemt mat». Etter dei positive resultatane blei eit tilsvarande prosjekt med dei same aktørane gjennomført i 2007. Målingar før, under og etter kampanjane viser gode resultat med omsyn til auka sal og auka kjennskap til Ø-merket.

Talet på rettleiingsprosjekt retta mot primærproduksjon er blitt redusert i forhold til 2006, men er større målt i sum. Innsatsen er i større grad blitt retta gjennom Landbrukets forsøksringar. Vidare blei tildelinga til nasjonale pilotprosjekt relativt avgrensa i 2007, sidan fleire tunge prosjekt blei avslutta i 2006 og det ikkje er komme inn søknader om nye pilotprosjekt som det har vore vurdert riktig å prioritere¹.

Sommaren 2007 kunngjorde SLF at det ikkje er økonomisk rom for å lyse ut midlar til å setje i gang nye prosjekt frå 2008. Dette mellom anna fordi det i jordbruksavtalen for 2008 er øyremerkt midlar til nye satsingsområde, mellom anna «Økolyft i kommunar». Ei vidareføring av etablerte fleirårige prosjekt og nye tiltaksområde med medhald i jordbruksavtalen blei prioritert framfor å utlyse midlar til nye prosjekt.

Direktetilskot til produsentar

94,7 mill. kroner var avsette til omleggings-, areal- og husdyrtilskot i 2007. Vesentleg i 2007 var endringa av tilskota til lågare omleggingstilskot og høgare tilskot for ferdig omlagde areal og husdyrhald. Denne endringa blei gjort for å stimulere til vidareføring av økologisk omlagde produksjonar.

Registreringar og statistikk

SLF utarbeider på oppdrag frå LMD to årlege rapporteringar med opplysningar om kva som er produsert og omsett av økologiske landbruksvarer. Data omfattar hovudsakleg den delen av norsk produksjon som blir omsett gjennom dei store marknadsaktørane. Rapport for 1. halvår 2007² blei publisert i september, og fekk god pressedekning. SLFs rapport med statistisk materiale for heile 2007 vil bli lagd fram i mars 2008.

¹ Ei fullstendig oversikt over prosjekt finst i SLF-rapport nr. 16/2007, «Utviklingstiltak innen økologisk landbruk – 2007»

² SLF-rapport nr. 19/2007

Økolyft i kommunar

SLF har i 2007 fått sekretariatsansvar for det toårige samarbeidsprosjektet mellom Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) og LMD, «Økolyft i kommunar». Regjeringa vil bruke 20 mill. kroner fordelte over to år til å auke produksjon og forbruk av økologisk mat i kommunar. I oktober fekk SLF 43 prosjektskisser, der 102 kommunar var representerte, og frå prosjektskissene blei 37 inviterte vidare med i prosessen med å utarbeide fullstendig søknad. Søknadsfrist er 15. mars 2008. Prosjekta må vere minst 50 prosent eigenfinansierte, vere forankra i dei regionale handlingsplanane til fylka og vere behandla i kommunestyret. KRD og LMD skal stå for den endelege utveljinga av kommunar som skal ytast prosjektmidlar.

Møtearena for økologisk produksjon og forbruk

I SLFs strategi for næringsutvikling 2007–2009, Ta landet i bruk! (januar 2007), er det lagt til grunn at det for gjennomføringa av strategien på området økologisk landbruk skal etablerast ein fagleg møtearena som skal fungere som referanseforum med innspel til verkemiddelforvaltninga.

Møtearenaen er sett saman med representasjon frå styresmakter, verkemiddelapparat, næringsorganisasjonar og sentrale verdikjedeaktørar, og SLF leier arbeidet. Gruppa skal gi råd og innspel overfor avgjerdestakarar og viktige aktørar i samband med målet om at 15 prosent av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk i 2015. Som eit eige oppdrag skal det lagast ein handlingsplan for økologisk landbruk på SLFs område etter modell frå arbeidet med handlingsplanane for Grønt reiseliv og Inn på tunet, jf. kap. 7.6.6 i St.prp. nr. 77 (2006–2007). Frist for arbeidet blei sett til 15.02.2008, og hausten 2007 har det vore arbeid intensivt med å få ferdig eit høyringsutkast til den nye handlingsplanen.

I den samanhengen tok SLF i bruk eit såkalla elektronisk arbeidsrom. Dette har vore ein arbeidsmetode som har vist seg svært effektiv til arbeid med korte tidsfristar og der det er vanskelegare å få til fysiske møte, og SLFs sekretariatsarbeid er blitt mykje forenkla. Like før jul blei høyringsutkastet til handlingsplan sendt ut til nesten 130 høyringsinstansar.

Utfordringar framover

- Arbeide for å innrette verkemidla mot dei områda regjeringa meiner er viktige for utviklinga av økologisk landbruk. Dette omfattar mellom anna:
 - Auka primærproduksjon, med vekt på ei balansert utvikling mellom produksjon og marknad
 - Arbeid med forbukarretta informasjon om økologisk mat, og organisering av slikt arbeid
 - Utdanning og forskning og stimulering til auka offentleg forbruk av økologisk mat


Forskning

Styrene for Fondet for forskingsavgift på landbruksprodukt og for Forskingsmidlane over jordbruksavtalen er samordna for å sikre ei einsarta og effektiv forvaltning av dei samla forskingsmidlane innanfor landbrukssektoren. Det er etablert eit tett samarbeid med Noregs forskingsråd. I 2007 har Avtalestyret og Fondsstyret for fjerde året på rad vore med på ei felles utlysning av midlar med Matprogrammet og Arealprogrammet i Forskingsrådet. Samarbeidet skal gjere det enklare å sjå den totale bruken av midlar i samheng, dessutan å forenkla og effektivisere administrasjonen av dei. Dei fleste forskingsprosjekta blir finansierte i fellesskap mellom Fondsstyret, Avtalestyret og Forskingsrådets ulike program. Samarbeidet fungerer godt, og gir i tillegg landbruksnæringa innverknad på dei samla prioriteringane av midlar til forskning.



Regjeringa har som mål at 15 prosent av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk i 2015.

Midlar utbetalt til FoU frå Fond/Avtale 2004–2007





Det er tre hovudfinansieringskjelder for forskning og utvikling (FoU) innanfor Landbruks- og matdepartementets ansvarsområde:

- Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukt (Avtalestyret)
- Forskningsmidlar over jordbruksavtalen (Fondsstyret)
- Noregs forskingsråd

I 2007 har Fondsstyret samla utbetalt 116 mill. kroner til forskning. Fondsstyret har også ansvar for grunnløyvinga til Matforsk. I 2007 utgjorde denne løyvinga 55 mill. kroner. Frå 2008 vil Matforsk utgjere ein del av NOFIMA-konsernet¹. Avtalestyret har brukt 40 mill. kroner til forskingsprosjekt i 2007.

Årlege utbetalte midlar til forskning frå Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukt har auka monaleg dei siste åra. Auken i utbetalte midlar frå 2006 til 2007 er på 11,5 prosent. Utbetalte midlar har i 2007 vore større enn inntektene. Denne bruken av fondsmidlar er ein bevisst strategi for å byggje ned fondskapitalen, og for å få midlane over i aktiv forskning. Bruken av årlege utbetalte prosjektmidlar over jordbruksavtalen har auka med 11 prosent frå 2006 til 2007.

Eit viktig forskingsprosjekt som har vore ført vidare i 2007, er forskingssatsinga på hanngris, som blei sett i gang i samband med at Stortinget i 2003 vedtok eit forbod mot kastrering av gris frå og med 2009. Satsinga har ei samla ramme på 45 mill. kroner, der Fondsstyret og Avtalestyret til saman yter 30 mill. kroner. I tillegg bidreg næringa med store summar. Trass i god evaluering av programmet er det førebels ikkje funne noka løysing på problemet med smak og lukt på kjøtt frå hanngris. Når det gjeld dyrevelferd, er det i dag slik at berre veterinærar har lov til å kastre smågris, og dette skal skje med bedøving. SLF meiner at forbodet mot kastrering av hanngris ikkje kan tre i kraft frå 01.01.2009.

Eit anna viktig tiltak innanfor landbruks- og matforskning i 2007 har vore søkjelys på tiltak knytte til klima. Rapporten «Klimagasser og bioenergi fra landbruket – kunnskapsstatus og forskningsbehov» blei gitt ut av Universitetet for miljø- og biovitenskap i november 2007, på bestilling frå Forskningsrådet og Fonds- og Avtalestyret. I arbeidet med rapporten er det gjort ein stor innsats i å kartlegge informasjon som allereie finst om temaet, dessutan å finne fram til kunnskapshola. Dette vil kunne føre til ei meir effektiv prioritering av forskningsbehov på området, og leggje grunnlag for vidare arbeid med energi- og klimaspørsmål knytte til landbruk og landbruksbasert foredlingsindustri.

Oversikt over nye og pågåande forskingsprosjekt finst i årsmeldinga for Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukt, sjå SLFs nettstad.

Forskning på økologisk landbruk

Over jordbruksavtalen blir midlar øyremerkte til forskning på økologisk landbruk. I tillegg blir det løyvd midlar frå Fondet for forskningsavgift på landbruksprodukt og frå Forskningsrådets ulike program. Samarbeidet mellom desse tre finansieringskjeldene har samla styrkt satsinga på økologisk forskning. SLF er sekretariat for jordbruksavtalemidlane og fondsmidlane og samarbeider med Noregs forskingsråd om tildelingane. Alle økologiske prosjekt med tilfredsstillande forskingsfagleg kvalitet har fått godkjent søknad om midlar i 2007. Ei oversikt laga av Forskningsrådet viser at det i 2006 var ein prosjektportefølje på området økologisk på 14,6 mill. kroner og i 2007 på 16,2 mill. kroner.

Utfordringar framover

- Oppnå ei meir aktiv deltaking frå næringslivet i initiering og prioritering av forskingsprosjekt.
- Få til ei betre samordning og eit betre samspel mellom prosjekt med stor vekt på forskning og prosjekt med stor vekt på utvikling.

¹ NOFIMA er eit nytt forskingskonsern som driv forskning og utvikling for akvakulturnæringa, fiskerinæringa og matindustrien.

Beredskap

Ansvar for beredskapsarbeidet i SLF er lagt til resultatområdet omsetning og marknadstiltak. SLF gjennomførte ei kriseøving i 2006 som blei evaluert av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB). På bakgrunn av dette blei det i 2007 mellom anna sett i gang eit arbeid med å gjere beredskapsplanverket meir kjent i organisasjonen, dessutan blei det sett i gang ei utvikling av ein informasjonsstrategi til bruk ved kriser. Den førebyggjande beredskapsplanen er under rulling.

Utfordringar framover

- SLF har fått skog som eit nytt forvaltningsområde, og dette må også innarbeidast i SLFs beredskapsarbeid. Elles vil SLF i 2008 fokusere på at alle medarbeidarar skal vere kjende med si eiga rolle i det generelle beredskapsarbeidet.



Handel og industri



SLF skal bidra til å sikre eit godt fungerande importvern og oppfylging av internasjonale rettar og forpliktingar. Dei viktigaste ansvarsområda er importvernet for landbruksvarer gjennom tolladministrering og tollkvotar, ordninga med råvarepriskompensasjon, ordninga for utanlands tilarbeiding og eksportstøtteordningar. Marknadsovervaking og innhenting av norske og utanlandske prisar er også sentralt.

Verdsmarknaden

Verdsmarknaden for mat er i endring. Prisauke, etterspørselsvekst, klimaendringar og at matjord i større grad blir brukt til å produsere biodrivstoff, gir heilt nye perspektiv på ressursane i jordbruket.

Klimaendringane inneber at merksemda har flytta seg frå fossilt brensel til fornybar energi og biodrivstoff, der landbruket sit på ressursane og dermed kan bli ein viktig premissgivar.

Dei internasjonale marknadene for landbruksvarer opplevde ein kraftig og uvanleg stor etterspørsel etter korn og mjølkeprodukt gjennom fjoråret, noko som dreiv prisane til rekordhøge nivå. Etterspørselen var spesielt stor i folkerike asiatiske land med sterk økonomisk vekst, som i Kina og India. Med økonomisk oppgang følgjer ei omlegging av kosthaldet i retning av meir kjøtt, og også meir mjølk og meierivarer. Det er nettopp ein sterk auke i forbruket av kjøtt og meierivarer mellom anna i Kina som driv etterspørselen etter korn. For i 2007–2008-sesongen var dei totale avlingane på verdsbasis rekordhøge.

Amerikansk kveite blei i desember notert på Minneapolis-børsen til \$ 415 pr. tonn, noko som svarte til 2,28 norske kroner pr. kg. Dette er ein auke på over 60 prosent frå prisnivået i første halvår 2007. I tillegg gjorde frakt og handteringskostnader importert kveite endå dyrare. Frå september var det derfor tollfritt å importere kveite til Noreg, utan at det utgjorde nokon reell konkurranse for norsk produksjon.

I tillegg til den sterkt aukande etterspørselen gav små kornlager og varsel om mogleg avlingssvikt i viktige produsentland direkte utslag i prisane. Sjeldan har ein sett ei liknande reell prisstiging på enkelte kornslag. Nord-Amerika opplevde tørke gjennom store delar av sesongen, og avlingane leid av dårleg kvalitet. Australia opplevde endå eit tørkeår med låge avlingar. Europa blei også ramma av dårleg vêr; mens tørken ramma avlingane i aust, sleit Vest-Europa med for mykje regn. Meir fokusering på biodrivstoff som energikjelde gjorde også sitt til prisauken.


Den norske marknaden

Også her i landet auka etterspørselen etter landbruksvarer. Interesse for mjølk og kjøtt var så stor at den norske produksjonen ikkje kunne dekkje behovet. For mjølk blei det gitt høve til å auke produksjonen. For å dekkje etterspørselen etter kjøtt blei det opna for import gjennom tollreduksjonar for dei fleste kjøttslag.

Målpris blei oppnådd for dei fleste varer i 2006–2007. Unntaket var gris, der det var forventa eit stort overskot ved inngangen til 2007. Dette snudde raskt på etterjulsvinteren, og gjennom året var det i periodar underskot på alle målprisvarer av kjøtt (storfe, svin og sau/lam). I ein periode var det også tollreduksjonar på egg på grunn av for lite norsk vare i marknaden.

For frukt og grønt var 2007-sesongen spesiell, med både kulde og flaum som øydela avlingar. I periodar var det lite norske varer. Dei dårlege avlingane ellers i Europa gjorde at det blei høge prisar på dei fleste grønsakene. Poteter, eple, plommer og dei aller fleste frilandsgrønsakene blei selde til prisar som til dels låg godt over målprisen. For å halde prisane nede blei det opna for større import ved at tollen blei sett ned for fleire varer. For pærer og produkt frå veksthus blei målprisen derimot ikkje oppnådd, noko som i stor grad kom av sterk konkurranse frå importerte varer til full toll.

Import av landbruksvarer



Administrering av tollsatsar og importkvotar

Eit generelt trekk dei siste åra er at importen av landbruksvarer til Noreg aukar, og auken akselererer. Mens den årlege veksten i importverdien var på 2–3 prosent først i tiåret, var han frå 2006 til 2007 på heile 16 prosent. Totalt blei det importert jordbruksvarer for nesten 30 mrd. kroner i 2007. Importvolumet voks også – om enn ikkje så markant, og var på 13 prosent for begge dei to siste åra. Den auka verdien på importen illustrerer godt den dramatiske auken vi såg i dei internasjonale råvareprisane gjennom fjoråret.

Omfanget av dei individuelle tollreduksjonane er stort (ca. 3500 i 2007). Det gjeld først og fremst for produkt som vi ikkje produserer i Noreg, og slik sett er importen med på å auke mangfaldet i vareutvalet for norske forbrukarar.

Den store forskjellen frå 2006 var knytt til ein mykje hyppigare bruk av generelle administrative tollreduksjonar for landbruksvarer under målprissystemet i jordbruksavtalen. Dette hadde samanheng med ein betydeleg auke av kjøttforbruket og for lite norsk vare. For kjøtt av storfe, svin og lam blei det administrert tollreduksjonar i høvesvis 26 veker, 22 veker og 14 veker i 2007. Tollnivået blir ved administrering sett til ca. 1/3 av ordinært tollnivå. For første gong sidan det tollbaserte importvernet blei satt i verk i 1995, blei det administrert tollreduksjonar for alle desse kjøttslaga på same tid i perioden 10.12. til 31.12.

For poteter, frukt og grønt var tollsatsen for mange av målprisvarene i lange periodar sett ned. Dette hadde nær samanheng med norsk produksjon og etterspørsel. Både styresmaktene og matvarekjedene fokuserer meir og meir på helsegevinsten ved å ete meir grønt. Dette resulterte i ein markant auke i etterspørselen. Den aukande interessa saman med avlingssvikt i delar av landet og på verdsmarknaden resulterte i prisauke, som igjen resulterte i tollreduksjonar. Til dømes blei det administrert tollreduksjonar for potet og kål samanhengande i høvesvis 22 veker og 11 veker etter 1. juli.

Auksjon av importkvotar

Av importkvotane for landbruksvarer blei 58 kvotar, eller 85 prosent, fordelte ved auksjon. 139 importørar var med. Auksjonane gav 113,2 mill. kroner, som er overførte til Finansdepartementet. Beløpet er 5,2 mill. lågare enn i 2006. Det er etablert eit samarbeid med Konkurransetilsynet for å sikre at gjennomføring av auksjonane og måten aktørane opptre på, er i samsvar med føresegnene i konkurranselovgevinga.

Årskvoten for ost frå EU, som ikkje blir fordelt på auksjon, er auka med 250 tonn i forhold til i 2006, og er no totalt på 4500 tonn.

Det blei oppretta to nye importkvotar frå Egypt i 2007, ein for erter og ein for poteter. Begge blir fordelte ved auksjon. For potetkvoten er det frå Mattilsynet gitt sterke retningslinjer både når det gjeld importtidspunkt og kontroll for å unngå import av plantesjukdommar.


I samsvar med ny forskrift for utanlands tilarbeiding er det innført tollkvotar for kjøtt, meieri- og kjøttprodukt. Kvotane blir fordelte av SLF gjennom auksjon, og dei er gyldige i tre år. Første auksjon blei halden hausten 2007, og gjaldt kvotefordelinga for perioden 1. januar 2008 til 31. desember 2010. Heile kvoten for kjøtt og kjøttvarer blei fordelt, mens det for meierivarer er att ein rest av kvoten. Denne kan fordelast på eit seinare tidspunkt dersom det blir etterspurt. Neste hovudrunde vil bli i 2010.

Tollnivået ved gjeninnførsel etter ei tilarbeiding i utlandet blir berekna i forhold til kva mengder og kva produkt som blir sette til ute.

Verkemiddel i importvernet

- Generelle tollreduksjonar
- Individuelle tollreduksjonar
- Tollkvotar (låg toll eller ingen toll)

Utvikling i talet på auksjonar og deltakarar





Internasjonale avtalar

WTO

Etter eit halvt års pause blei forhandlingane i Verdas handelsorganisasjon (WTO) tekne opp att på nyåret 2007. Forhandlingane blei haldne gjennom store delar av året, og SLF bidrog med analysar og vurderingar overfor LMD. Avtaleutkastet som blei lagt fram i juli, låg til grunn for forhandlingane som blei gjorde hausten 2007.

SLF har i 2007 særleg arbeidd med spørsmål omkring marknadstilgang, dessutan konsekvensane for norsk landbruk av ulike forslag til reduksjon i tollsatsane.

Dei siste månadene blei fleire spørsmål knytte til mellom anna sensitive produkt og importkvotar diskuterte – også dei viktige for Noreg.

Frihandelsavtalar

Hausten 2007 fekk SLF i oppgåve å delta i frihandelsforhandlingane til LMD.

Den 1. januar 2007 tok handelsavtalen med Libanon til å gjelde. Handelsavtalen mellom EFTA og Egypt blei underteikna i januar 2007, og gjeld frå 1. august. I tillegg har Noreg og EFTA forhandla ferdig ein handelsavtale med Canada. Handelsavtalen skal etter planen underteiknast våren 2008. EFTA har slutta ein handelsavtale med Den sørafrikanske tollunionen, men avtalen er ikkje teken til å gjelde.

Noreg og EFTA forhandla pr. desember 2007 med Algerie, Gulf Cooperation Council, Peru og Colombia.

EFTAs handelsavtalar utgjør eit viktig supplement til Noregs arbeid i WTO. EFTA har slutta handelsavtalar med 16 land eller grupper av land. Avtalane bidreg til å sikre norske bedrifter marknadstilgang og motverkar diskriminering av norsk eksport i dei landa som sluttar slike avtalar.

RÅK-ordninga

Import av RÅK-produkter


I 2007 blei det importert 327 951 tonn RÅK-varer til menneskemat til ein verdi av nær 6,3 mrd. kroner. Dette er ein auke på høvesvis 3,9 prosent i kvantum og 9 prosent i verdi samanlikna med 2006. Brød er den største gruppa, med ein importverdi på 0,5 mrd. kroner og eit kvantum på drygt 40 000 tonn. Brød er også ei av varene med størst importauke i 2007. Andre RÅK-varer med høg import er sukkervarer, sjokolade og sausar.

SLF har i 2007 behandla 7401 søknader om tollfastsetjing for RÅK-varer, og totalt inneheld databasen til SLF over 44 000 registrerte varer.

Eksport av RÅK-produkt

Eksporten av RÅK-varer i 2007 var nær 54 000 tonn. Dette er 27 prosent lågare enn i 2006 og skuldast i all hovudsak ein nedgang i eksporten av mineralvatn. Verdien på eksportvarene er tilnærma som i 2006. Utbetalingane til eksportstøtte innanfor RÅK-ordninga var på 32,6 mill. kroner i 2007, mot 32,5 mill. kroner i 2006. Det var 21 bedrifter som nytta ordninga i 2007, ei mindre enn året før. Dei største varegruppene målt i verdi som blir eksporterte, er sukkervarer, sjokolade, bakverk, iskrem og sausar.

RÅK-import



Prisnedskrivingsstilskot innanfor RÅK-ordninga

I 2007 fekk 33 verksemdar samla 133,2 mill. kroner i prisnedskrivning. Tilsvarande fekk 35 bedrifter 151,1 mill. kroner i 2006. Reduksjonen i utbetalt beløp kjem av reduserte prisnedskrivings-satsar. Pizza er den største vara i ordninga, følgd av sjokolade og iskrem. Til saman blei det gitt 102,5 mill. kroner i prisnedskrivingsstilskot for desse varene.

Generelt har verdsmarknadsprisane for råvarer som RÅK-industrien nyttar, auka i 2007. Der dette har gitt betring i konkurransesituasjonen, er det gjort reduksjonar i prisnedskrivings-satsane.

Konservesordninga

I 2007 fekk ca. 40 aktørar innvilga tollreduksjonar eller tollkvotar med heimel i ordninga. Talet på søkjarar har vore svært stabilt dei siste fem-seks åra.

Konservesordninga omfattar bær, grønsaker og epleaft/konsentrat. Forskrifta legg til grunn ein opptrappingsplan for norsk produksjon. I denne perioden har ein sett ein jamn auke for alle bærslaga – spesielt for bringebær. Også grønsakproduksjon til konservesindustrien har auka. Dette tyder på at ordninga har fungert etter planen.

Særleg grønsaker til industriformål blei ramma av avlingsskadane i 2007, med ein avlingssvikt for enkelte kulturar på rundt 50 prosent. Spesielt hardt ramma vart grønsaker der det normalt er full norsk dekning. Dette førte til at konservesprodusentane fekk importere desse varene til redusert tollsats.

Forbruket av eplejuice har over fleire år auka betydeleg. Samtidig har den norske produksjonen av epleråstoff til industrien vore stabil. Dermed har det totale innslaget av norske eple i norsk-produsert juice blitt stadig mindre. For epleaft/konsentrat skal konservesordninga sikre avtak av norsk epleaft til bruk i industrien. SLF har sett i gang eit arbeid for å greie ut potensialet i marknaden og moglege metodar for å auke produksjonen av eple til industriformål. Dette arbeidet er ikkje avslutta.

Utanlands tilarbeiding

1. juli 2007 tok ei ny forskrift om tollreduksjonar for landbruksvarer som blir førte inn att etter tilarbeiding i utlandet, til å gjelde.

Dei seinare åra har omfanget av utanlands tilarbeiding auka mellom anna for kjøtt, kjøttvarer og meierivarer, varer som er særleg viktige for norsk landbruk og næringsmiddelindustri.

Etter den nye forskrifta blir den utanlandske tilarbeidinga av desse varegruppene regulert gjennom årlege kvotar. For RÅK-varer og andre basislandbruksvarer enn kjøtt, kjøttvarer og meierivarer blei eksisterande ordning i hovudsak ført vidare.

Dei årlege importkvotane er fastsette til høvesvis 1080 tonn for kjøtt, 5520 tonn for kjøttvarer og 3120 tonn for meierivarer. For å sikre at bedriftene kan planleggje framover, legg forskrifta opp til ei ordning der kvotane gjeld for inntil tre år om gongen.

I den nye forskrifta er det også ei formålsføresegn for å unngå økonomiske skadeverknader for næringsmiddelindustrien, og ei dispensasjonsføresegn som opnar for prøveproduksjon av kjøtt, kjøttvarer og meierivarer i utlandet.


Om auksjon av importkvotar for utanlands tilarbeiding, sjå side 35

Ordninga med råvare-priskompensasjon (RÅK-ordninga) skal leggje til rette for frihandel med industrielt tilarbeidd jordbruksvarer samtidig som ein skjermar handel med råvarer. Verkemidla skal jamne ut forskjellar i råvarekostnader mellom norske og importerte næringsmiddel som blir omsette i Noreg, og gjere norske eksportprodukt innanfor ordninga konkurransedyktige på verdsmarknaden.

Konservesordninga skal stimulere til innanlands produksjon av råvarer til konservesindustrien (til dømes saft- og syltetøyproduksjon). Innanfor denne målsetjinga skal industrien sikrast nødvendig supplement av importert råvare, til lågast mogleg toll.

GSP (Generalized System of Preferences) er ei frivillig og einsidig ordning for å betre marknadstilgangen til utviklingslanda. Gjennom ordninga får utviklingsland fordelar i form av låg eller ingen toll ved eksport til Noreg.

GSP-import



GSP-ordninga

Den norske ordninga for tollpreferansar for utviklingsland, GSP, blei etablert i 1971, og er seinare endra fleire gonger. I 2007 vedtok Stortinget ei relativt omfattande utviding av ordninga.

Vesentlege endringar omfattar:

- Utviding av ordninga for toll- og kvotefri marknadstilgang for alle varer frå dei minst utvikla landa (MUL) til også å gjelde dei nest svakaste landa, nærare bestemt 14 andre låginntektsland med befolkning under 75 mill. innbyggjarar. Gruppa av land med toll- og kvotefri marknadstilgang til Noreg skal vidare refererast til som nulltolland.
- Betra vilkår for andre u-land (ordinære GSP-land) innanfor Noregs minstetilgangskvotar i WTO (dvs. for enkelte landbruksvarer).
- Overvakingssystemet blir endra ved at det ikkje lenger er krav om importløyve. Samtidig blir ansvaret for sikringsmekanismen overført frå tollmyndigheitene til landbruksmyndigheitene ved SLF.

SLF tok del i arbeidet med å lage ei forskrift om sikringsmekanisme ved import av landbruksvarer under GSP-ordninga. Dersom importen trugar avsetninga av norske landbruksprodukt, skal sikringsmekanismen syte for at det blir mogleg å halde målprisane om lag på same nivå som føresetnadene i jordbruksavtalen. SLF har ansvaret for å overvake importen frå GSP-land, og å vurdere om omfanget av importen vil føre til marknadsforstyringar til skade for norske produsentar. I så fall kan regjeringa fatte vedtak om tiltak for å hindre dette.

USA-prosjektet

Verdensmarknaden for mat er i endring. Rammevilkåra for matproduksjon blir i auka grad påverka av kva som hender internasjonalt. SLF arbeider med å forstå korleis sentrale land tilpassar seg dei rammevilkåra som blir sette gjennom internasjonale avtalar. I 2007 etablerte SLF «USA-prosjektet», som fokuserte på USAs landbrukspolitikk generelt, men som også tok for seg marknads- og støtteordningar og korleis USA stiller seg til mjølkeordningar, biodrivstoff, økologisk landbruk og WTO. Når prosjektet blir avslutta i 2008, vil det bli lagt fram ein rapport om funna.

Blå-grønt samarbeid

I Rogaland blei det sommaren 2007 innleidd produksjon av vegetabilske protein frå erter til bruk i fiskefôrindustrien. Det har ikkje vore produksjon av fiskefôr basert på grøntprodukt i Noreg før. I starten har fabrikkens kapasitet til å handsame 100 000 tonn erter i året. Råvareforbruket vil bli dekt av import, men ein ser for seg at på lengre sikt kan mindre delar av forbruket bli dekt av norske erter. Den norske erteproduksjonen er på 10 000 tonn erter i året. I prosessen med å skilje ut protein får ein erteskal og ertestivelse. Desse produkta har fleire bruksområde, og er mellom anna god eigna som karbohydratkjelde i norsk husdyrfôr.

Utfordringa for SLF var å implementere ein ny type produksjon i det eksisterande regelverket. Avgiftsmessig blir erteskal og ertestivelse likestilte med tilsvarande importerte karbohydratråvarer når det blir brukt i produksjon til husdyrfôr. Etableringa av ein fabrikk for prosessering av erter er eit godt døme på at fiskefôr- og kraftfôrindustrien kan ha gjensidig utbytte av kvarandre.



Utfordringar framover

- Dei globale utviklingstendensane for matproduksjon – prisauke, etterspørselsvekst, klimaendringar, og at matjord i større grad blir brukt til å produsere brennstoff – gir utfordringar, men og nye moglegheiter for norsk landbruk og næringsmiddelindustri, og for gjennomføringa av landbrukspolitikken.
- Regelverket på det handelspolitiske området er aukande og til dels komplekst. Det er ei utfordring å få til endringar som gir ein enklare situasjon for næringsdrivande samtidig som omsynet til kontroll og effektiv forvaltning blir sikra. Arbeidet med å utvikle elektroniske løysingar bør førast vidare. Samtidig er det viktig å samordne regelverket på det handelspolitiske området.
- Reduksjonen i matvarelagra gir auka uvisse knytt til framtidige tilførsler av eit sentralt landbruksprodukt som korn, der vêr og klima er avgjerande for storleik og kvalitet på avlinga. Små lager saman med et meir lunefullt klima gjer at vi framover kan vente større svingingar i kornprisane enn det som har vore vanleg.
- På den andre sida kan prisane på verdsmarknaden få innverknad på produksjonsmoglegheitene i landbruket fordi konkurransekrafta i forhold til verda rundt blir styrkt. Hausten 2007 begynte det å komme krav om høgare målpris slik at norske bønder også kan ta del i prisauken internasjonalt. Men Noregs internasjonale forpliktingar på landbruksområdet (WTO) gir lite rom for å auke målprisane med tanke på å følgje den internasjonale prisutviklinga.



Administrasjon

Resultatområdet administrasjon har oppgåver knytte til organisasjonsutvikling, personalforvaltning og økonomistyring, dessutan informasjon og kommunikasjon, dokumentasjon, IKT og drift. Dette skal bidra til ei velfungerande verksemd som utnyttar ressursane sine på ein effektiv måte, og som gjennom forvaltning og rådgiving sikrar brukarane effektive tenester.

Resultatområdet har ansvar for stabs- og støttefunksjonar og skal vere ein pådrivar for å realisere strategiane til SLF.

e-forvaltning

Altinn

SLF er med i Altinn for å tilby sikrere tenester og betre påloggingservice for brukarane våre, i tillegg til å bidra til den samordninga av offentlege tenester som Altinn legg til rette for.

I 2007 blei to av SLFs elektroniske tenester gjorde tilgjengelege i Altinn. Landbruksføretak kan no levere søknad om produksjonstilskot og avløysartilskot via Altinn. Skogeigarar har fått innsyn i eigen skogfondskonto og kan no levere utbetalingskrav elektronisk via Altinn.

Nye brukarretta tenester

I 2007 har SLF arbeidd med fleire nye elektroniske tenester.

Det er utvikla ein ny teneste for forvaltning av kvoteordninga for mjølk. Tenesta blei teken i bruk i forvaltninga hausten 2007, og vil i tida framover gi grunnlag for betre og enklare tenester overfor brukarane.

Eit elektronisk fagsystem for erstatningsordningane i landbruket blei teke i bruk i november 2007. I den første fasen er systemet ope berre for saksbehandlarar ved fylkesmannsembeta. SLF har fått svært gode tilbakemeldingar på systemet. Ved utgangen av 2007 var over 700 saker under saksbehandling i systemet. I løpet av 2008 vil systemet bli gjort tilgjengeleg for saksbehandlarar i kommunen og for landbruksføretak, som vil kunne søkje om erstatning via Internett.

Eit nettbasert fagsystem for prisutjamningsordninga for mjølk er under utvikling. Prosjektet blei etablert i 2006, og systemet skal etter planen takast i bruk i løpet av våren 2008. Systemet skal handtere rapportering til PU frå meieriaktørane og saksbehandling i samband med dette, i tillegg til å vere eit verktøy for å administrere og gjere tilgjengelege data i ordninga. Systemet skal bidra til sikrere datahandtering, forenklingar for interne og eksterne brukarar og meir effektiv bruk av tilgjengelege data til statistikk, utgreiingar og liknande.

I 2007 blei det utvikla eit nettbasert system som er fullt integrert med Toll- og avgiftsdirektoratets importdatabase Tvinn. Når det blir sett i drift i 2008, vil importørar kunne sende inn søknader om tollreduksjonar elektronisk. Løysinga inneber innføring av døgnopen elektronisk saksbehandling der importørane får svar elektronisk. Importørar får også tilgang til ein tollsatskalkulator der dei kan simulere tollsats for egne varereseptar. Alle søknader blir elektronisk lagra for gjenbruk for importøren. SLF får årleg inn over 10 000 importsøknader. Når systemet er fullt implementert, vil om lag 90 prosent av desse kunne sendast inn elektronisk, men det vil framleis vere høve til å søkje på papir. Løysinga inneber meir fokusering på brukaren og betre servicenivå, samtidig som ressursar blir frigjorde til betre kvalitet i saksbehandlinga. Dessutan vil kontrollaktiviteten bli auka.

På oppdrag frå LMD har SLF i 2007 utvikla ein tenestekatalog for LMD og etatane under LMD. Tenestekatalogen vil bli sett i drift i løpet av vinteren 2008.

Interne støttesystem

I 2007 oppgraderte SLF e-postløsninga si. Det blei også kjøpt inn og klargjort for ny heimekontor-løsning, og for nettbasert tilgang til e-post for alle tilsette.

Hausten 2007 blei økonomisystemet oppgradert, og drifta blei sett ut til ein ekstern driftsleverandør, som eit ledd i ei betre sikring av verksemdskritiske system.

Det blei teke i bruk elektronisk fakturabehandling, som skal optimalisere rutinar knytte til innkjøp og fakturabehandling, dessutan dokumentasjon av fullmakter og ei effektiv organisering av arbeidet.

Lønnsfunksjonen i SLF blei restrukturert i 2007 slik at rutinar knytte til lønnsarbeidet blei effektiviserte og automatiserte. For å oppnå dette tok ein i bruk ny funksjonalitet i økonomisystemet kombinert med direkte innlesing av transaksjonar frå tidsrekningssystemet. SLF har også teke i bruk eit nytt budsjetteringsverktøy.

For å forenkle og effektivisere arbeidet med rekruttering i SLF er det i 2007 gjort avtale om innkjøp av eit nettbasert rekrutteringssystem. Systemet vil bli teke i bruk i februar 2008.

Utfordringar framover

- SLF har i fleire år prioritert utvikling av brukarretta tenester. No bør det setjast i verk tiltak for å sikre forsvarleg og stabil drift av tenestene i åra som kjem. SLFs IT-portefølje for 2008 er sett saman for å sikre dette.

Informasjon og kommunikasjon

Avdeling administrasjon koordinerer informasjonsverksemda i SLF, og bidreg i samarbeid med andre avdelingar til at verksemda kommuniserer aktivt, samordna og brukarretta. Openheit og innsyn skal leggjast vekt på i tråd med SLFs verdier. Andre viktige oppgåver i seksjonen er arkiv, postmottak, sentralbord og produksjon av trykksaker.

I 2007 har SLF arbeidd for å betre samordninga av kommunikasjonsverksemda internt. For å oppnå dette har vi lagt ned mykje arbeid i å vidareutvikle og betre system og rutinar.


SLF produserte ca. 360 nettnyheiter i 2007. Det er ei fordobling i forhold til fjoråret.

Vidare har det i 2007 vore utført ein systematisk gjennomgang av og opprydding på SLFs nettstad. Resultatet har vore at nettstaden er blitt meir brukarvennleg, og at arbeidet med han er blitt effektivisert.

For å betre SLFs service og støttefunksjonar for interne og eksterne brukarar har vi gått i gang med arbeidet med å greie ut etablering av eit servicesenter. Utgreiinga skal munne ut i eit konkret forslag. Arbeidet skal fullførast i 2008.

Utfordringar framover

- I løpet av 2008 skal det setjast konkrete mål for resultatoppnåing innanfor kommunikasjonsområdet på bakgrunn av målgruppeundersøkingar. Her vil utfordringa først bestå i både å finne gode mål og dinest i å finne ei klar ansvarsfordeling for å nå måla. Ei anna viktig utfordring er å styrkje det interne medvitet om bruk av kommunikasjon som verkemiddel. I tillegg vil arbeidet med betre samordning av kommunikasjonsverksemda framleis vere ei prioritert oppgåve.





Personal- og organisasjonsutvikling

Pr. 31. desember 2007 hadde SLF 186,2 årsverk.

I 2007 var det ein turnover på 11,8 prosent inklusive tilsette som gjekk av med pensjon. Når vi ser bort frå dei som har gått av med pensjon, har SLF ein turnover på 9,7 prosent.

I SLF er vi opptekne av å bidra til god helse og trivsel hos medarbeidarane våre. Treningskampanjen som blei sett i gang i 2006, er ført vidare, og det er i den samanhengen halde to seminar om trening og motivasjon i samarbeid med bedriftshelsetenesta. SLF legg vidare vekt på at kantina skal tilby dei tilsette sunn og næringsrik mat med bruk av økologiske råvarer.

Arbeidet for eit inkluderande arbeidsliv er ført vidare i 2007. SLF arbeider kontinuerleg med førebygging og oppfølging av sjukefråvære. Av kollektive seniorpolitiske tiltak blei det halde eit seminar som mellom anna tok for seg temaet «Haldningar til seniorar».

Våren 2007 blei det gjennomført ei arbeidsmiljøundersøking i SLF. Resultata av undersøkinga viser at det gjennomgåande er eit godt arbeidsmiljø i SLF, men at det er enkelte forbetringpunkt. Resultatet av undersøkinga er følgt opp gjennom avdelingsvise prosessar og tiltak. SLF har arrangert eit kurs om det nye regelverket knytt til varslings.

Det blir halde jamlege møte med tenestemannsorganisasjonane, og samarbeidet med dei tiltsvalde fungerer godt.

Kompetanseutvikling

Kompetanseutvikling er eit strategisk viktig område for SLF. SLF har i perioden 2006–2007 gjennomført sitt andre kompetanseprogram. Programmet er eit supplement til det som skjer av kompetanseutvikling i avdelingane gjennom det daglege arbeidet. Gjennom kompetanseprogrammet blei det i 2007 arrangert 24 interne kurs og seminar. Landbrukspolitikk, kommunikasjon og prosjektleiing og -styring har vore viktige temaområde i 2007

SLF har gjennom 2007 hatt ein hospitant ved Norsk institutt for skog og landskap, og ein av dei tilsette hos oss innleidde eit lengre hospiteringsopphald ved eit landbrukskontor i ein kommune. SLF prøver også å leggje til rette for mobilitet for medarbeidarar mellom SLF og LMD.

Hausten 2006 blei det gjennomført ei 360-gradersevaluering av alle leiarane i SLF. Resultata av evalueringa er følgde opp gjennom individuelle handlingsplanar og samlingar i leiargruppene. Av fellestiltak har det vore arrangert to samlingar i Forum for leiing der temaa har vore resultatet av leiarevalueringa og førebuing til lokale lønnsforhandlingar.

Mentorprogrammet er eit utviklingsprogram retta primært mot kvinnelege leiarar og potensielle kvinnelege leiarar i LMD med underliggjande etatar. SLF køyrer programmet i samarbeid med Administrativt forskningsfond (AFF), som har det faglege ansvaret. Det tredje programmet blei avslutta i mars 2007. Interesse for eit nytt program er førebels såpass låg at det ikkje er planlagt aktivitet i 2008.

Læreplassar

Staten har som arbeidsgivar ønskt å ta sin del av ansvaret for å skaffe fram nok lærlingplassar for framtidige fagarbeidarar. SLF blei sommaren 2007 godkjent som lærebedrift innanfor IKT-driftsfaget, og i haust begynte den første lærlingen vår.

Integrering og inkludering av personar med innvandrarbakgrunn

Det er eit personalpolitisk mål at staten skal auke rekrutteringa av tilsette med innvandrarbakgrunn. I tråd med sentrale retningslinjer og personalpolitikken i SLF skal kvalifiserte innvandrarar kallast inn til stillingsintervju ved rekruttering til ledige stillingar.

Nøkkeltal 1. januar 2007 - 1. januar 2008

	Prosent	I tal
Fast tilsette med innvandrarakgrunn pr. 1. januar 2007	2,1 %	4
Mellombels tilsette med innvandrarakgrunn pr. 1. januar 2007		0
Fast tilsette med innvandrarakgrunn pr. 1. januar 2008	1,5 %	3
Mellombels tilsette med innvandrarakgrunn pr. 1. januar 2008	0,5 %	1

Likestilling

SLFs personalpolitikk støttar arbeidet med å oppnå likestilling mellom kjønna. Det blir arbeid aktivt med å leggje til rette arbeidssituasjonen for tilsette i samsvar med lønns- og personalpolitikken vår. Det er stor oppslutning både blant kvinner og menn om dei kompetansetiltaka som SLF tilbyr.

Både kvinner og menn får prosjektleiaransvar. Like mange kvinner som menn hadde prosjektleiaransvar i 2007. I 2007 blei det tilsett nokre få fleire menn enn kvinner. SLF fokuserer på likelønn ved nyttilsetjingar.

Gjennomgåande tener dei mannlege tilsette i gjennomsnitt meir enn dei kvinnelege. Dei kvinnelege leiarane tener derimot i gjennomsnitt meir enn dei mannlege kollegaene. Slik SLF vurderer det, er ikkje alle lønnsforskjellar knytte til kjønn. Til dømes kan forskjellar i gjennomsnittsalder forklare ein del av lønnsforskjellane mellom kvinner og menn i fleire stillingsgrupper.

Det blei gjennomført lokale lønnsforhandlingar hausten 2007. SLF følgde opp dei sentrale retningslinjene om at kvinner burde ha ein større del av potten enn ei proratafordeling tilseier ut frå deira del av lønsmassen. 67,5 prosent av 2.3.3-potten gjekk til kvinner i forhold til deira del av lønsmassen på 51 prosent.

Nøkkeltal 2007 per 31.12.2007 (likestilling)

	Prosent	I tal
Prosentdel kvinner ¹	53,8 %	
Tal på kvinner i deltidstilling		19
Tal på menn i deltidstilling		1
Tal på eksternt kunngjorde stillingar ²		40
Prosentdel kvinnelege søkjarar til dei eksternt kunngjorde stillingane	51 %	
Tal på nyttilsette kvinner		15
Tal på nyttilsette menn		20
Prosentdel kvinner av totalt tal på overtidstimar	46,7 %	
Tal på leiarar		24
Tal på kvinnelege leiarar		7
Tal på mannlege leiarar		17
Prosentdel kvinnelege leiarar	29,2 %	
Tal på faste kvinnelege stedfortredere		13
Tal på prosjekt		25
Prosentdel kvinnelege prosjektleiarar ³	50 %	
Tal på kvinner som har fått stipend til etter- og vidareutdanning, eksterne kurs		3
Tal på menn som har fått stipend til etter- og vidareutdanning, eksterne kurs		0
Tal på nytta plassar på interne kurs og seminar ⁴		215
Prosentdel kvinner som har vore med på interne kurs og seminar	57,7 %	

¹ Det er fleirtal av kvinner i fire av fem avdelingar.

² Rekrutteringsprosessen knytt til fem av desse stillingane var ikkje avslutta pr. 31.12.07.

³ Det har til saman vore 27 prosjektleiarar for dei 22 prosjekta. Kvinnedelen er rekna ut med utgangspunkt i det totale talet på prosjektleiarar.

⁴ Obligatoriske tiltak og kortare seminar utan påmelding er då haldne utanom.





Kjønnsfordeling og gjennomsnittleg avlønning for kvinner og menn pr 31.12.07¹

Stillingskategori	Tal på kvinner	Lønn – kvinner	Tal på menn	Lønn – menn
Leiing	8	587 125	16	566 913
Konsulent/sekretær/driftsteknikar	10	325 700	4	352 100
Førstekonsulent/seniorkonsulent	21	358 462	18	367 861
Rådgivar	46	394 315	24	403 813
Prosjektleiar/seniorrådgivar/ arkivleiar	20	454 335	26	493 750

¹ Tabellen baserer seg på det totale talet på dei som pr. 31.12.07 mottok lønn frå SLF. Tabellen inkluderer dermed både tilsette som er i lønt permisjon, og vikarane deira. Administrerende direktør som er lønt på leiarlønskontrakt, er halden utanom i denne oversikta. Læringar er heller ikkje inkluderte sidan lønna er sentralt regulert.

Utfordringane framover

- SLF opplever at talet på søkjarar til ledige stillingar har gått ytterlegare ned i 2007. Det har samanheng med ein svært stram arbeidsmarknad i Noreg. Utfordringa er å halde på dei dyktige medarbeidarane våre og trekkje til oss gode søkjarar til dei stillingane som blir ledige.

Grøn stat

SLF fører vidare dei etablerte ordningane innanfor miljøleing. SLF har ei ordning med bortkøyring og resirkulering av alt papiravfall inkludert makulert papir. Kassert IKT-utstyr blir på same måten samla inn, levert vidare og destruert på forskriftsmessig vis. Innkjøp av papir er frå 2006 til 2007 redusert med 10 prosent. SLF har også gått over til berre å distribuere rundskriva elektronisk over Internett eller over e-post. Vidare blir det stilt miljøkrav ved kjøp av tenester frå eksterne trykkeri. Det blir også stilt miljøkrav til kjøp av papir og reinhaldsprodukt til bruk i SLF.



Kontroll

Generelt om kontrollverksemda

SLF har etablert rutinar og system som skal sikre at dei økonomiske og juridiske verkemidla blir forvalta i samsvar med Stortingets føresetnader. Dette er ei omfattande og krevjande oppgåve for forvaltninga. Ein tilfredsstillande kontroll er avgjerande for tilliten til forvaltninga og legitimiteten til politikken og verkemidla.

SLF har intern kontroll i linja. Internkontrollen skal sikre effektiv ressursbruk, korrekt rekneskap, påliteleg informasjon og saksbehandling og at lover og reglar blir følgde.

SLF har ei eiga kontrolleining. Kontrolleininga har som oppgåve å føre manuelle stikkprøvekontrollar med at føresetnadene for å få ulike tilskot og rettar er til stades. I tillegg blir det gjennomført automatiske administrative kontrolltiltak som ein del av internkontrollen i SLF. Målet med kontrollverksemda er å rette feil og kartlegge om måla blir nådde, og om alle vilkåra blir etterlevde. Eksternkontrollen er viktig for å støtte opp om målet om einsarta og effektiv forvaltning av dei landbrukspolitiske verkemidla som SLF har ansvaret for. Det blir arbeid aktivt med å betre og effektivisere kontrollane og sikre at dei rapporterte kontrollresultata blir følgde opp, både internt og i dialog med fylkesmenn, kommunar og aktuelle føretak/selskap.

Risikovurderingar

I kontrollverksemda blir risikovurderingar brukte for å oppnå effektive kontrollar. I 2007 blei det gjennomført ei heilskapleg risikovurdering av verkemidla som blir forvalta av Fylkesmannen og kommunane.

Kontrollprosjektet

SLF har i 2007 gjennomført to prosjekt: «Kontroll av tilskudd i landbruket» og «Kontrollprosjektet – oppfølging 2007» i samarbeid med LMD, fylkesmannen og KS. Sistnemnde prosjekt blei også stødd av Det Norske Veritas. Avdeling landbruksproduksjon i SLF hadde ansvaret for prosjekta; dette står det meir om i rapporten frå avdelinga, sjå side 23. For SLF vil dette vere ei ytterlegare betring og effektivisering av kontrollverksemda.

Ekstern evaluering

I 2007 tok SLF initiativ til ei uavhengig evaluering av arbeidsprosessen og kontrollmetodikken som blir brukt av kontrolleininga i SLF for å kvalitetssikre arbeidet. KPMG gjennomførte evalueringa, og dei påviste i rapporten sin at kontrolleininga har gode rutinar og dokument for å sikre kvaliteten på leveransane sine. Vidare blir det peikt på at kontrolleininga representerer SLF på ein god måte i møte med kontrollobjekta. Rapporten gav stor gevinst til SLF i form av ei uavhengig kvalitetssikring av noverande arbeid og forslag til enkelte betringstiltak.

Viktige resultat av stikkprøvekontrollar i 2007

Det blei gjennomført risikobaserte stikkprøvekontrollar av tilskotsordningar, rettar og avgifter gjennom heile året. Kontrollane blei gjennomførte både som stadlege kontrollar hos føretak/selskap og som forvaltningskontrollar hos Fylkesmannen og i kommunar.

Funn i samband med kontrollar er viktige resultat som blir formidla til forvaltninga, og er grunnlag for avgjerder som rettar opp feil eller bidreg til å betre regelverk og retningslinjer.

Av viktige funn i 2007 kan vi nemne

- SLF har gjennomført kontroll hos fem selskap/føretak som har fått utbetalt tilskot til prisedskrivning for bruk av norske råvarer i næringsmiddelindustrien. I alle kontrollane blei det funne feil i søkjegrundet – både i reseptar og i vektgrundet. SLF har som følgje av kontrollane fremja krav om tilbakebetaling av tilskot for til saman 266 907 kroner pluss renter.
- Ved kontroll av nærings- og miljøtilskot i skogbruket i kommunane blei det i dei utvalde sakene ikkje funne feilutbetaling av tilskot. Saksbehandlingsrutinane var likevel varierende og mangelfulle på visse punkt i forhold til krava i forskrifta.





- Kontroll av korleis kommunane utførte stikkprøvekontrollen knytt til produksjonstilskot, viste at både dei opplysningane søkjarane gav om dyretal og om kor mange dyr dei hadde på beite, blei kontrollert ulikt. Kontrollane viser at kommunane generelt vegrar seg for å utføre trekk ved mangelfull miljøplan.
- Kommunane skal bruke skjønnsmyndigheita si når dei avgjer om produksjonstilskotet skal reduserast etter at det er funne feil i stikkprøvekontroll. SLF oppfattar at enkelte kommunar synest avkortingsproblematikken kan vere utfordrande overfor brukarane. I dei aller fleste tilfelle blir søknadsdata korrigererte av kommunen berre under stikkprøvekontrollen.
- Kontroll av manuelt behandla søknader om produksjonstilskot viste at dei kontrollerte fylka mangla rutinar for oppfølging av ulike feillister og rutinar for kvalitetssikring av manuelle utbetalingar som dei godkjenner. I nokre tilfelle har manuell saksbehandling resultert i at det er utbetalt tilskot på feil grunnlag. Fylkesmennene er bedne om å krevje tilbake feilutbetalingane og lage rutinar for å sikre god saksbehandling. Kontrollen viste vidare at saksbehandling og klagebehandling i kommunane i fleire tilfelle ikkje er korrekt utførte og ikkje godt nok dokumenterte. Dette gjer at saksgangen for desse sakene er vanskeleg å spore.
- Kontrollen av krava til normal heilårsproduksjon i kvoteforskrifta har vist at det er berre nokre få føretak som har problem med å tilpasse seg dette kravet. Dette er føretak som stort sett ligg godt under gjennomsnittet når det gjeld kvotestorleik og leverte mjølkemengder, og som er meir sårbare med omsyn til å kunne halde oppe ein jamn mjølkeleveranse.
- Ved kontroll av pristilskot kjøtt – karenstid for storfe – blei det gjort maskinelt utplukk av alle samdrifter, og elleve samdrifter med indikasjon på mogleg feil blei kontrollerte nærare. Det blei funne feil i utbetaling av tilskot til seks føretak. I to saker var distriktstilskot utbetalt til ein medlem i samdrifta som leverte storfe til slakt frå ei sone med høgare tilskot enn den sona samdrifta, som disponerte og åtte dyra, hørde til. I fire saker hadde samdrifta søkt om produksjonstilskot for storfe som ho ikkje disponerte, men som hørde til ein av medlemmene.
- Ved kontroll av pristilskot ull blei det funne avvik ved fem av dei tolv ullstasjonane. Fire avvik blei klara opp i og dokumenterte som feilføring eller gløymde vedlegg. Den siste ullstasjonen hadde feil i grunnlaget for søknaden om tilskot.

Samarbeid med andre om kontroll

- SLF, Tollregion Oslo og Akershus og Mattilsynet i Oslo har etablert eit nettverk som gjennom fleire år har hatt fellesmøte fire gonger i året innanfor området for kontroll av matvarer ved import. Formålet med møta er å utveksle kunnskap og byggje opp felles kompetanse, dessutan utarbeide eventuelle felles kontrolltiltak.
- Samarbeidet har fungert godt i 2007, og som eit ledd i dette har to tollinspektørar frå Tollregion Oslo og Akershus vore på hospitering hos SLF, og det er avtalt hospitering frå SLF hos Tollregion Oslo og Akershus. Samarbeidet mellom etatane har vidare ført til god dialog om enkeltsaker av felles interesse. Eksternkontrollen i SLF og bedriftskontrollkontoret i Tollregion Oslo og Akershus etablerte eit samarbeid i 2007 om kontroll av importkvotar for fetaost og mozzarella i lake/olje. Samarbeidskontrollane skal drivast utover i 2008.
- Som grunnlag for saksbehandling og førebuing av kontrollar hentar SLF inn opplysningar frå Tollvesenet for å kunne vurdere om føretaka importerer landbruksråvarer samtidig som dei søkjer tilskot frå SLF. Dette er viktig informasjon og gir nyttige opplysningar når ein førebur kontrollar. Eventuelle funn som har verdi for Tollvesenet, blir rapporterte tilbake.
- I samsvar med ein samarbeidsavtale med Skattedirektoratet hentar SLF også inn informasjon frå fylkesskattekontora om føretak der SLF planlegg kontroll.
- SLF har i 2007 hatt eit omfattande samarbeid med Fylkesmannen om kontroll i samband med kontrollprosjektet.

Klage- og dispensasjonssaker

Saker til behandling i SLF etter jordlova, konsesjonslova, odelslova og fjellova

SLF er klageinstans i odelsfrigjeringsaker der fylkeslandbruksstyret (FLST) behandlar saka som førsteinstansmyndigheit etter § 31 i odelslova. Etter jord- og konsesjonslova er SLF klageinstans i dei tilfella der kommunen ikkje sjølv kan ta avgjerda, og der FLST av den grunn behandlar saka som førsteinstansmyndigheit. Vidare er SLF klageinstans i dei sakene der fylkeslandbruksstyret overprøver kommunevedtak med heimel i § 35 i forvaltningslova. SLF har hatt éi slik sak i 2007. I tillegg har SLF fått sju førespurnader om overprøving av vedtak frå fylkeslandbruksstyret (omgjeringsaker), der fire blei tekne til følge. SLF er også klageinstans i saker etter fjellova der fjellstyra/Statskog er førsteinstansmyndigheit. SLF har hatt seks slike saker i 2007, og klagen blei teken omsyn til i tre saker. Éi sak blei avvist. Under gjer vi greie for omfanget og resultatet av sakene etter nemnde lovverk i 2007.

Odelsfrigjeringsaker – til behandling i SLF 2007

Klage gjaldt	SLFs vedtak	
	FLST vedtak stadfesta	FLST vedtak gjort om
FLST vedtak om odelsfrigjeringsaker	2	1
FLST vedtak om å nekte odelsfrigjeringsaker	1	0

Jord- og konsesjonslovsaker – klagesaker til behandling

Klage gjaldt	SLFs vedtak	
	FLST vedtak stadfesta	FLST vedtak gjort om
Klagesaker etter jordlov til beh. i SLF 2007		1
Klagesaker etter konsesjonslov beh. i SLF 2007	3	1

Rettsaker


Det ligg føre avgjerd i fire rettsaker i 2007.

Skien og Porsgrunn tingrett (no Nedre Telemark tingrett). Orskurd (kjennelse) frå Agder lagmannsrett 27.9.2007. Saka gjaldt gyldigheita av fylkeslandbruksstyrevedtaket om å nekte konsesjon til fritidsformål i ein 0-kommune. Staten vann. Retten la avgjerande vekt på at det var konkret interesse for eigedommen som bustad. Dommen blei anka. Anken blei avvist då han ikkje tilfredstilte krava til anke.

Orskurd frå Oslo tingrett av 12.11.2007. Saka gjaldt mellom anna gyldigheita av SLFs klagevedtak i samband med høgaste lovlege pris på ein landbrukseigedom. Saka blei avvist ut frå tvml. § 300 nr. 2 og 3.

Brev frå Nordhordland tingrett av 17.4.2007 der saka blei stansa etter krav frå partane. Saka gjaldt påstand om ugyldigheit av fylkeslandbruksstyrevedtaket om å nekte konsesjon. SLF gjorde om vedtaket etter stemnemål.

Rettsforlik inngått for Glåmdal tingrett 17.1.2007. Saka gjaldt om det framleis var hefta ein jordleigeavtale på ein eigedom som staten hadde kjøpt. Leigaren kravde sin rett etter leigeavtalen. Det blei inngått forlik i saka etter rettsmekling.





Klagesaker i samband med marknadsordninga for mjølk

Marknadsordninga for mjølk skal saman med målprissystemet i jordbruksavtalen bidra til å sikre dei landbrukspolitiske måla. Ein viktig premis er å sikre konkurranse på like vilkår mellom aktørane i mjølkesektoren.

I 2007 har SLF behandla klage frå Synnøve Finden på etterrekning for 1. halvår 2006. Klagen tok mellom anna for seg forhold rundt eigenkapitalavkastningskrav, kapitalnormering og utgangspunkt for berekning av rente ved etterrekning. Klagen blei ikkje teken til følgje av SLF, og saka blei send til LMD i september 2007.

Klagesaker i samband med utlysing av midlar til utviklingstiltak innanfor økologisk landbruk

Kvart år blir det sett av midlar til utviklingstiltak innanfor økologisk landbruk over jordbruksoppgjere. For 2007 er det sett av 40 mill. kroner. Midlane blir forvalta av SLF med utgangspunkt i målet til regjeringa om at 15 prosent av matproduksjonen og matforbruket skal vere økologisk i 2015. Avhengig av rammer og retningslinjer frå jordbruksoppgjere blir det utlyst tilskot til utviklingstiltak innanfor økologisk landbruk.



Elleve saker i samband med utlysing av midlar til utviklingstiltak innanfor økologisk landbruk er i 2007 sende over for klagebehandling av Landbruks- og matdepartementet. Fire saker er ikkje ferdig behandla av LMD. I seks av sakene er det opphavlege vedtaket stadfesta, mens éi sak blei send i retur for ny behandling.

Klage- og dispensasjonssaker som er behandla av SLF

Tabellen under viser ei oversikt over kor mange klage- og dispensasjonssaker som er behandla i SLF i 2007. Oversikta viser talet på behandla klage- og dispensasjonssaker både for ordningar der SLF er førsteinstans, og for ordningar der SLF er klageinstans for vedtak fatta av fylkesmannen.

Ordning	Tal på saker				
	Dispensasjonar			Klager	
	Innvilga	Delvis innvilga	Avslått	Innvilga	Avslått
Erstatning etter off. pålegg, planteskadegjerarar			1		1
Erstatning etter off. pålegg, husdyrsjukdommar					2
Erstatning ved kostnader som følgje av radioaktivitet			1		3
Erstatning ved svikt i honningproduksjonen			1	1	4
Erstatning ved tap av bifolk					1
Erstatning ved avlingssvikt	4		4	7	9
Tap av sau på beite			1		1
Regionalt miljøprogram	1		3		4
Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)				3	1
Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)					6
Marknadsordninga for korn					2
Forskrift om produksjonstilskot i jordbruket	0	0	0	3	5
Tilskot til avløyning ferie og fritid	0	0	1	0	0
Tilskot til avløyning ved sjukdom	0	0	0	2	10
Tidlegpensjonsordninga for jordbrukarar	0	0	0	1	11
Klagesaker EVL (styrebehandla)				1	0
Klagesaker KIL (styrebehandla)				1 klage under behandling	
Fylkesvise BU-midlar					
– praktikantordninga				0	0
– Andre BU-saker				0	4
Pristilskot til mjølkeproduksjon	3	0	1		
Pristilskot til kjøttproduksjon	0	0	0		
Frakttilskot	0	0	0	1 klage under behandling	
Distrikts- og kvalitetstilskot i grøntsektoren	0	0	0	0	0
Distriktstilskot til potetproduksjon i Nord-Noreg	0	0	0	0	0
Tilskot til fruktlager	0	0	0	1	0
Tilskot til norsk ull	1	0	0	0	1
Husdyrkonsesjon	0	0	0	0	5
Kvoteordninga for mjølk ¹	0	0	0	2	28

¹ Gjeld klagar som er behandla i Klagenemnda for kvoteordninga for mjølk. SLF har ikkje eigen statistikk over talet på dispensasjonar frå kvoteordninga for mjølk. I alle saker der vilkåra ikkje er oppfylte, vurderer forvaltninga dispensasjon på eige initiativ – dersom det ikkje er søkt spesifikt om dispensasjon.





Saker til Sivilombodsmannen

Avslag på søknad om dekning av sakskostnader ved omgjerung av vedtak

Sivilombodsmannen kom med fråsegn 7. desember 2007 når det gjaldt SLF og Klagenemnda for kvoteordninga for mjølk sitt avslag på søknad om dekning av sakskostnader ved endring av vedtak. Bakgrunnen for saka var at to produsentar hadde søkt om etablering av samdrift. Før samdriftssøknaden blei behandla, melde den eine produsenten, som til dagleg arbeidde som advokatfullmektig, mjølkekvoten sin inn for sal. SLF av slo etter dette samdriftssøknaden med den grunnvinginga at samdrifta ikkje ville drive på heilårsbasis. Advokatfullmektigen klaga på avslaget, og SLF endra vedtaket og innvilga dispensasjon. Ved utforminga av klagen blei advokatfirmaet som fullmektigen arbeidde i, involvert, og klagen blei skriven på brevark frå firmaet. Produsenten stod likevel sjølv som underskrivar av klagen med tittelen advokatfullmektig.

Etter SLFs omgjerung kravde produsenten på vegner av samdrifta, gjennom advokatfirmaet han sjølv arbeidde i, dekt sakskostnader i medhald av forvaltningslova § 36 på kr 57 342. SLF og seinare Klagenemnda av slo kravet idet ho såg på dette som å vere eige arbeid i eiga sak, noko forvaltningslova § 36 ikkje tek sikte på å dekkje. Advokatfirmaet la etter dette saka fram for Sivilombodsmannen, som kom med fråsegn 7. desember 2007. Der heiter det:

En forutsetning for å få dekke et krav om saksomkostninger etter forvaltningsloven § 36 er at kravet er tilstrekkelig dokumentert og sannsynliggjort. Kravet til sannsynliggjøring gjelder ikke bare kravets størrelse, men også det nærmere grunnlaget for kravet, dersom det er tvil om dette. Etter mitt skjønn er det som fremgår av sakens dokumenter, ikke tilstrekkelig til å konstatere om det foreligger et berettiget krav etter forvaltningsloven § 36 eller ikke. Således foreligger verken oppdragsbekreftelse eller dokumentasjon på at ((xxx xxx xxx) den andre produsenten)) har betalt sin del av fakturaen for arbeidet med saken. Det foreligger heller ikke noen dokumentasjon på xxx xxx xxx interesse i at samdriften ble etablert – for eksempel i form av dokumentasjon på hvordan en eventuell produksjonsgevinst som følge av samdriften har blitt fordelt mellom partene. Dette til tross for at det har vært rikelig med muligheter for det.

Uthevning gjorde av SLF.

Sivilombodsmannen uttalte vidare at det neppe er noko å seie på at Klagenemnda har avslått å innvilge kravet på sakskostnader så langt.

Deling av kvote ved oppløysing av samdrift

To brør med kvar sin gard hadde drive samdrift sidan 1976. Samdrifta blei vedteken oppløyst 31. desember 2006. Ved opphør av samdrift skal kvoten først tilbake til den enkelte landbruks-eigedommen. SLF tok utgangspunkt i praksis og fordelte kvoten likt mellom brørne med unntak av den kvoten den eine broren hadde tileigna seg etter 2003. SLF la mellom anna vekt på at brørne hadde delt det økonomiske utbyttet frå samdrifta likt. Tileigna kvote blei fullt ut overført til tileignaren. Sidan kvotetileignaren hadde eit større areal enn den andre broren, meinte han at han også burde få ein større prosentdel av felleskvoten. Han klaga derfor på vedtaket til Klagenemnda for kvoteordninga for mjølk. Klagenemnda stadfesta SLFs vedtak. Saka blei etter dette lagt fram for Sivilombodsmannen, der saka er til behandling.

Saker etter jordlova, konsesjonlova, odellova og fjellova.

SLF har ikkje behandla nokon sivilombudsmannsaker knytte til fagområdet i 2007.

Fylkesmannen har rapportert 7 saker

2 saker i samband med jordlova § 12: Ikkje kritikk

1 sak i samband med konsesjonsvilkår: Ikkje kritikk

1 sak i samband med avslag på søknad om fritak frå buplikt på eigedom som oppfylte krava til odlingsjord: Ikkje kritikk

1 sak i samband med konsesjonspålegg grunna brot på buplikta på eigedom som ikkje fylte krava til odlingsjord og etterfølgjande konsesjonsavslag: Kritikk

1 sak i samband med avslag om søknad om fritak frå buplikt på eigedom som ikkje fylte krava til odlingsjord: Kritikk

1 sak i samband med avslag på søknad frå buplikt på eigedom der det var tvilsamt om eigedommen oppfylte krava til odlingsjord: Kritikk

Klage- og dispensasjonssaker behandla av fylkesmannsembeta

Ordning	Tal på saker				
	Dispensasjon			Klage	
	Innvilga	Delvis	Avslått	Innvilga	Avslått
Produksjonstilskot					
Avløsning ferie og fritid	0	0	1	0	0
Tilskot til grøntproduksjon, potetproduksjon og tidlegpensjon					



Statens landbruksforvaltning

Postadresse: Postboks 8140 Dep,

NO-0033 Oslo, Norway

Besøksadresse: Stortingsgt. 28

Telefon: +47 24 13 10 00,

Telefaks: +47 24 13 10 05,

E-post: postmottak@slf.dep.no

Web: www.slf.dep.no

